



Stryn kommune

2013 - 2024

Kommuneplanen sin samfunnsdel



Vekst basert på
buligst og
næringsutvikling

Planstrategi

Samfunnsdel

Handlingsdel/Økonomiplan

Arealdel

Kommunedelplan

Kommunestyret 23.10.2013



Stryn – det naturlege val

Kommuneplanen sin samfunnsdel er det overordna styringsdokumentet og skal vere førande for utvikling i Stryn kommune. Det er gjennomført ein brei planprosess som viser at Stryn kommune ynskjer framtidig vekst basert på bulyst og næringsutvikling.

Gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel vil vi vise korleis ein skal realisere mogligheter og møte framtidige utfordringar. Samfunnsdelen er gjeldande for perioden 2013 – 2024, og skal være tufta på demokratiske prosessar kor alle skal ha høve til å påverke utviklinga i eigen kommune.

Stryn har vist gjennom fleire år å ha grunnlag for positiv utvikling. Vi har ei positiv folketals-utvikling, noko som i mange samanhengar er ein indikator på gode jobbmuleheter, eit godt butilbod, og godt tilrettelagte tilbod innan kultur og idrett.

Nye føringer og reformer frå statlege myndigheter gir kommunen nye oppgåver og krav. Dette fører til at kommunen sin heilskaplege kompetanse vil vere avgjerande for om ein når dei måla som kommunen set seg. Spesielle krav i så måte er innan folkehelse, samhandling og forvaltning av naturressursar.

Trygge lokalsamfunn vil være ein viktig faktor for gode oppvekstmiljø. Vi skal sikre oss at innbyggjarane finn seg godt til rette, skape muleheter for gode felleskapsløysingar, og kunne realisere sine draumar og visjonar for framtida.

Stryn kommune vil at frivilligkeit framleis skal ha gode arbeidsvilkår, ved tilrettelegging av møteplassar, idrettsareal i nærlieken til skular og oppvekstsentrata, samt høve til rekreasjon og friluftsliv.

Tilrettelegging for næringslivet vil vere eit viktig satsingsområde for Stryn kommune. Det må utviklast nye næringsareal og tilretteleggast gode rammevilkår for turist- og reiselivs-næringa. Støtte opp under det viktige samarbeidet mellom næringsliv og skule. Skape og tilrettelegge gode vilkår for gründerånda. Landbruk er ikkje ein ubetydeleg del av næringsstrukturen i Stryn kommune. Det er viktig at kommunen i samarbeid med næringa har ei offensiv og utadretta verksemd, som kan stimulere til investeringar, nye satsings-område og rekruttering.

Samla gir planen eit godt grunnlag for å styrke og utvikle «Fagre Stryn» til beste for innbyggjarane, næringslivet, offentlege og private aktørar, og for heile regionen.

Stryn 8. mai 2013

Sven Flo
Ordførar

INNHOLD


1.	Innleiing.....	5
1.1.	Om kommuneplanen.....	5
1.2.	Organisering og medverknad	5
1.3.	Om kommunen.....	6
1.4.	Organisering	6
1.5.	Kommunal økonomi	7
1.6.	Kommunen i regionen.....	7
2.	Rammer for planarbeidet	8
2.1.	Nasjonale forventningar.....	8
2.2.	Nasjonale føringar	8
2.3.	Regionale føringar	8
2.4.	Samfunnstryggleik.....	9
3.	Folketalsutvikling og busetjingsmønster	10
3.1.	Folketalsutvikling.....	10
3.2.	Busetjingsmønster.....	11
3.3.	Kjønnsbalanse	11
3.4.	Alderssamansetjing	12
3.5.	Framskriving av folketalet	12
4.	Målsetjing	14
4.1.	Hovudmål	14
4.2.	Satsingsområde	14
5.	Folkehelse og levekår	15
5.1.	Folkehelse.....	15
5.2.	Oppvekst	17
5.3.	Helse og sosial omsorg	19
5.4.	Flyktninger og innvandring.....	22
5.5.	Idrett og friluftsliv.....	24
5.6.	Kultur	26
5.7.	Kyrkja	28
6.	Natur, kulturmiljø og landskap	30
7.	Tettsteder og bustadområde	33
8.	Samferdsel og infrastruktur	36
9.	Næringsutvikling og verdiskaping	40
10.	Klima og energi	46

1. INNLEIING

1.1. OM KOMMUNEPLANEN

Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel, og er det overordna styringsdokumentet for utviklinga i kommunen. Samfunnssdelen fastset mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon.


Gjeldande samfunnsdel er frå 2006. Det er gjennomført vesentlege endringar i lovverk og overordna føringar dei seinare åra. Kommunen sin planstrategi for 2012-2015 legg opp til full revisjon av samfunnssdelen i 2013.



Samfunnssdelen har eit tidsperspektiv på 12 år, men skal ha ein handlingsdel med 4 års perspektiv som syner korleis planen skal følgjast opp. Handlingsdelen blir slegen saman med økonomiplan 2013-2016, slik at overordna føringar frå samfunnssdelen og økonomiske prioriteringar blir knytt betre saman. Dokumentet vil bli utarbeidd i samband med budsjettarbeidet hausten 2013. Handlingsdelen vil bli rullert årleg i tilknyting til økonomiplanarbeidet.

1.2. ORGANISERING OG MEDVERKNAD

Arbeidet med revisjon av samfunnssdelen er administrativt leia av rådmannen og sektorleiarane. Seksjon plan og næring er ei arbeidsgruppe og koordinerer det praktiske arbeidet. Politisk forankring er sikra gjennom dialog med kommunestyre, formannskap og sektorutvala. Sjå også figuren under.



1.3. OM KOMMUNEN

Stryn kommune hadde 7105 innbyggjarar pr. 1.januar 2013. Arealet er 1377 km² + areal i sjø.

Kommunesenteret er Stryn, med rundt 2300 innbyggjarar.

Ordførar: Sven Flo (H)


Stryn kommune ligg inst i Nordfjorden, nordaust i Sogn og Fjordane fylke. Kommunen grensar til fylka Møre og Romsdal og Oppland, samt kommunane Hornindal, Stranda, Skjåk, Luster, Jølster, Gloppen og Eid.

Nokre kjenneteikn for kommunen:

- Nasjonalpark-kommune kjend for sine brear, fjordar og vatn
- Største reiselivskommunen på Vestlandet etter Bergen
- Største hyttekommunen i Sogn og Fjordane
- Innovativt næringsliv basert på grunderånd og god design

1.4. ORGANISERING

Den **administrative** organiseringa i Stryn kommune er bygd på ein tre-nivåmodell, det vil seie rådmann, etatsleiar og tenesteleiar/mellomleiar. Under rådmannen er administrasjonen delt i tre faglege sektorar, sjå figuren under. I sentraladministrasjonen ligg seksjon plan og næring, bygg og vedlikehald, økonomi og IT, servicekontor og personal.



Samhandling mellom einingane, tenestenivåa og samarbeidspartane står sentralt for å kunne gje likeverdige, tilpassa, effektive og kvalitetsmessige rette tenestetilbod.

Nokre av tenestene er lovpålagt, medan andre tilbod er eit supplement eller ei communal prioritering. Kommunen opplever stadig nye krav og endringar i oppgåver frå staten. I eit samfunn i stadig endring, må kommunen tilpasse tenestene sine i takt med dette. Tenesteapparatet og tiltaka skal vere fleksible med vekt på nytenking og innovasjon.

Dette fører til at kommunen sin heilskaplege kompetanse vil vere avgjerande for om ein når dei måla som kommunen set seg. I den samanheng er det viktig med god rekruttering av kompetent personale samt vidareutdanning.

Politisk er kommunestyret øvste organ i kommunen, med 25 representantar. Formannskapet kjem deretter med 7 representantar frå kommunestyret, inkludert ordførar og varaordførar.

Dei tre faglege sektorane er politisk styrt av utval for tekniske saker, helse- og sosialutvalet samt skule- og kulturutvalet. Desse har også 7 medlemer kvar.

1.5. KOMMUNAL ØKONOMI

Kommunen sin økonomiske situasjon framover vil i stor utstrekning avhenge av statlege rammevilkår. Utviklinga dei seinare åra har gått i retning av auka rettigheitslovgjeving med kommunaløkonomiske utteljingar som er lite føreseielege. Ein konsekvens av dette blir at kommuneøkonomien i mindre utstrekning kan styrast lokalpolitisk, men i aukande grad bli styrt av etterspurnad innanfor dei ulike rettsområda. For å kunne møte desse utfordingane er det naudsynt for kommunen å innarbeide driftsmessige reserver i kommuneøkonomien. Dersom dette ikkje lukkast, vil resultatet som oftast bli vanskelege og utilsikta reduksjonsprosesser.

Det har dei seinare åra vore ubalanse mellom driftsinntektene på den eine sida og driftskostnader/ finanskostnader på den andre sida. Denne situasjonen må endrast dersom kommunen i framtida skal vere i stand til å møte innbyggjarane sine rettmessige krav. Inndekking av gapet mellom inntekter og utgifter kan ikkje over tid dekkast inn gjennom reversering av/reduksjon i tidlegare vedtekne og gjennomførde tiltak. Anten må det kommunale ambisjonsnivået senkast eller så må dei økonomiske rammevilkåra betrast.

Endringane i samfunnet elles, samt endringane i statlege rammevilkår, vil bidra til å prege den kommunale drifta framover. Dette vil for kommunen sin del krevje evne til ressurstilpassing, personelltilpassing, strukturtillpassing og fleksibilitet. Både interne og eksterne strukturar vil måtte vurderast i høve til den røyndomen som til ei kvar tid er rådande.

Samanlikna med landet elles har Stryn kommune relativt sett låg lånegjeld. Dette inneber at kommunen – i høve landssnittet – nyttar meir av driftsbudsjettet til tenesteproduksjon og mindre til finanskostnader.

1.6. KOMMUNEN I REGIONEN

Stryn er ein del av Nordfjordregionen med knapt 33 000 innbyggjarar. Regionen har fire nokså jamstore kommunesenter i Måløy, Nordfjordeid, Sandane og Stryn. Det er såleis ikkje noko naturleg regionsenter i Nordfjord, slik Førde er for Sunnfjord og Sogndal er for Sogn.

Nordfjordrådet er eit interkommunalt, politisk råd for kommunane Vågsøy, Selje, Eid, Gloppen, Hornindal og Stryn. Bremanger meldte seg nyleg ut. Rådet er eit samordningsorgan for felles spørsmål og oppgåver i kommunane. Det er også utvikla eit godt samarbeid mellom Nordfjord-kommunane på fagnivå, til dømes innan IKT, helse og oppvekst.

Stryn kommune har lenge hatt gode relasjoner austover mot Skjåk og nordover mot Hornindal, Stranda, Volda og Ørsta. Kvivsvegen opna i 2012 for ein ny arbeids-, bustad- og servicemarknad med godt over 60.000 innbyggjarar i aksen Nordfjord – Sunnmøre. Dette er ei utvikling som bør følgjast både av kommunen og næringslivet i åra framover.

2. RAMMER FOR PLANARBEIDET

2.1. NASJONALE FORVENTNINGAR

Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging blei vedteken ved kongeleg resolusjon 24. juni 2011. Dokumentet handlar om kva regjeringa forventar at statlege mynde, fylkeskommunane og kommunane skal ta omsyn til i planlegginga. Forventningane er inndelt i følgjande tema:

- Klima og energi
- By- og tettstadsutvikling
- Samferdsel og infrastruktur
- Verdiskaping og næringsutvikling
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø

2.2. NASJONALE FØRINGAR

Plan- og bygningslova er lagt til grunn for planarbeidet. Denne gir føringar både for prosessen og for innhald i samfunnssdelen. Andre viktige lover og retningsliner er følgjande (ikkje uttømmande):

- Barnehagelova
- Folkehelselova
- Helse- og omsorg-tenestelova
- Kulturlova
- Kulturminnelova
- Naturmangfaldlova
- Opplæringslova
- Biblioteklova
- Rikspolitiske retningsliner for samordna areal- og transportplanlegging
- Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga
- Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag
- Statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen
- Statleg planretningsline for klima- og energiplanlegging i kommunane

2.3. REGIONALE FØRINGAR

Sogn og Fjordane fylkeskommune som regional planstyresmakt har ei rekke overordna planar som gjev føringar for kommunen sitt planarbeid.

Det overordna målet og visjonen i gjeldande fylkesplan for Sogn og Fjordane er å halde oppe folketalet og busetnadsmønsteret. Fylkesplanen har tittelen " Vegen vidare for Sogn og Fjordane

I fylkesplanen vart det lagt vekt på:

- Verdiskapinga – å ta heile fylket i bruk ved å nytte kultur- og naturgrunnlaget på ein aktiv og berekraftig måte
- Bu og leve – å skape seg eit rikt og meiningsfylt liv der god helse, kultur og tilgjenge for alle i trygge og opne miljø er avgjerande verdiar

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane skal følgje opp vedtak, mål og retningsliner frå statleg hold. Fylkesmannen lagar utfyllande strategiar og retningsliner for oppfølging av nasjonale mål i kommunane i Sogn og Fjordane.

2.4. SAMFUNNSTRYGGLEIK

Etter «Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven)» av 1.januar 2010 er kommunen pålagt ei generell beredskapsplikt.

Ei av oppgåvene til kommunen i samband med planlegging er å fremje samfunnssikkerheit ved å førebyggje risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdiar osv, jf. § 3-1 i plan- og bygningslova.

Grunnlaget for beredskapsarbeidet i kommunen skal vere ei heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (kommune-ROS), der kommunen kartlegg kva uønska hendingar som kan inntrefte, vurderer sannsynet for at slike hendingar kan inntrefte og korleis slike hendingar kan påverke lokalsamfunnet.

ROS-analysen skal gje eit så samla og samansett risikobilde som råd innafor kommunen sitt geografiske område, men skal ikkje avgrensast til dei ansvarsområda som kommunen har fått gjennom anna lovgjeving. Utgangspunktet for analysen bør vere dei uønska hendingane som viser seg å ha potensiale eller karakter til å involvere kommuneleiinga eller andre sektorar. Det vil seie hendingar som råkar større grupper av menneske, og er av slik art eller omfang at det ordinære hjelpeapparatet ikkje strekk til.


Døme på risiko som må takast omsyn til i planarbeidet i kommunen er i første rekke skred. Skredkart viser at store delar av kommunen kan vere utsett for ulike typar ras og skred. Elveflaum og springflo er andre hendingar som må vurderast. Klimaendringar gjer at område som tidlegare ikkje har vore spesielt utsette for denne typen hendingar kan vere det i framtida. Andre risikoar kan vere omfattande straum- og teleutfall, brot eller ureining i vassforsyninga, akutt ureining, brann i institusjon eller hotell, store ulukker i samband med passasjertransport.

Dei ulike kommunale sektorane har med utgangspunkt i sentrale krav og vurdering av risiko for ulike hendingar utarbeidd beredskapsplanar for sine fagområde. I kriseleriingsplanen er dei hendingane som er mest omfattande og vil utløyse innsats frå kriseleriinga, omtala i form av tiltakskort med omtale av tiltak og ansvarleg instans.

Stryn kommune si overordna ROS-analyse i var første gong utarbeidd i 1998 og sist revidert i 2008. Kriseleriinga har gjennomgått eksisterande ROS-analyse med tanke på rullering i samsvar med ny forskrift og noverande retningslinjer. Tilsyn frå Fylkesmannen avdekkja manglar i høve gjeldande lovverk og den heilskaplege ROS-analysen må reviderast i løpet av 2014.

3. FOLKETALSUTVIKLING OG BUSETJINGSMØNSTER

3.1. FOLKETALSUTVIKLING



Grafen viser utviklinga i folketalet i Stryn frå 2001 (SSB). Folketalet pr. 01.01.13 var 7105.


Frå 2001 har det vore ein vekst i folketalet med unntak av 2005 og 2006, noko som i stor grad skuldast nedlegging av eit statleg flyktningmottak. Frå 2007 til 2012 har kommunen hatt ei betydeleg folketalsvekst. Veksten skuldast delvis fødselsoverskot, men den viktigaste årsaka er nettoinnflytting. Dette er i hovudsak arbeidsinnvandrarar frå utlandet, der dei fleste kjem frå Europa.



Vekst i folketalet i Stryn skuldast i stor grad nettoinnflytting (SSB).

3.2. BUSETJINGSMØNSTER

Innbyggjarane i Stryn bur relativt spreidd. I følgje SSB bur 44 % av dei busette i Stryn kommune i tettbygde strøk. Tilsvarande tal for Sogn og Fjordane fylke er 56 %, medan for heile landet er 77 %.



Grafisk framstilling av folketalsutviklinga på skulekrinsnivå for perioden 1970 - 2012 (SSB)

I tillegg til Stryn sentrum har Loen også hatt ein solid vekst i folketalet. Oppstryn, Utvik og Rand har derimot hatt ei negativ utvikling, medan i dei andre bygdelaga har folketalet til dels stabilisert seg. I perioden har det vore ei svært stor geografisk omfordeling i kommunen.


Skulekrinsopplysningane vart svekka då skulekrins vart teken ut av Matrikkelen i 2007. Ein nyttar no grunnkrinsstatistikken som samsvarer godt med skulekrinsinndelinga, men ein må vere merksam på at det kan vere differansar for krinsane Storesunde, Oppstryn og Tonnig.

3.3. KJØNNSBALANSE

Kommunen har hatt ei negativ utvikling med tanke på kjønnsbalanse. I 2004 var det 89 kvinner per 100 menn i aldersgruppa 20-39 år i Stryn kommune, tilsvarande tal for 2013 var 79 kvinner pr.100 menn. Fylkessnittet for 2013 er 92, medan for landet elles er 95.

Den låge kvinnedelen er ei utfordring for vår kommune. Dette kan mellom anna ha noko å seie for den framtidige busettinga. Andre trekk ved utviklinga - som til dømes utdanningsmønsteret og sjanse for jobb i høve til utdanning, og eventuelt generasjonsskifte - vil nok ha meir å seie.


I fylkesplansamanheng vert det vist til at det er relativt klår samanheng mellom "kvinneprosenten" og kommunen sitt tilbod av arbeidsplassar. Kommunar med tilgang på eit differensiert arbeidsplass-tilbod i eigen kommune eller innan pendlingsområdet, vinn klart kampen om jentene. Industri-, landbruks- og fiskerikommunar kjem generelt därleg ut. Kvinner flyttar meir enn menn mot sentra i fylket og ut av fylket.



Fordeling av kvinner og menn for dei ulike krinsane pr. 01.01.2013 (SSB)

3.4. ALDERSSAMSETJING


I 1998 utgjorde aldersgruppa 0-19 år 28,1 % av folketalet, denne andelen har gått ned til 26,5 % per. 01.01.2013. I 1998 utgjorde aldersgruppa 20-39 år 27,2 % av folketalet, denne andelen har gått ned til 23,9 % per. 01.01.2013. Her er ein negativ tendens kommunen bør rette merksemda mot. I 1998 utgjorde aldersgruppa 40-66 år 29,2 % av folketalet, dette har auka til 34,3 % per. 01.01.2013.



Tabellen syner alderssamsettinga for dei ulike krinsane pr. 01.01.2013 (SSB)

3.5. FRAMSKRIVING AV FOLKETALET

Statistisk sentralbyrå gjennomførte folketalsframskriving i juni 2012. Det ligg føre 9 ulike framskrivingsalternativ bygd på ulike føresetnader. For Stryn er det nytta MMMM som står for: Mellomnivå fruktbarheit – Mellomnivå levealder – Mellomnivå mobilitet (innanlands flytting) – Mellomnivå nettoinnvandring. Det er dette alternativet som er mest brukt i ulike planprosessar og av offentlege instansar.



Framskrivinga etter dette alternativet syner eit folketal på 9 084 innbyggjarar i Stryn i år 2040.

Hovudtrekka i utviklinga som framskrivinga syner er følgjande:

- Dei unge årsklassane – 0-18 år – vil ha ein vekst heile perioden
- Aldersgruppa 19-34 år har ei svak veksande kurve, men vil flate noko ut på slutten av perioden. Ei utfordring er å skape nye, attraktive arbeidsplassar for denne gruppa. Særleg blir dette viktig mot slutten av perioden
- Den «yrkesaktive» delen av folkesetnaden – 19-66 år – vil ha ein relativt stor auke fram mot 2030. Frå då og fram mot 2040 vil kurva flate noko ut
- Gruppa over 67 år er jamt aukande heile perioden fram til 2040. Gruppa med dei eldste eldre, over 75 år, er forholdsvis stabil fram til 2020, men vi då auke sterkt fram mot 2040. Det vil bli ei utfordring for kommunen å stette tilbodet til dei eldre

4. MÅLSETJING

4.1. HOVUDMÅL

Hovudmål for kommuneplanen 2013-2024 er:

VEKST BASERT PÅ BULYST OG NÆRINGSUTVIKLING

I denne samanheng er vekst både auke i folketal og næringsverksemd. For å få til dette må ein leggje til rette for gode bustadtilbod, godt kommunalt tenestetilbod og god folkehelse. Kommunen må i tillegg prioritere faktorar som gjer at Stryn kommune er ein god stad å bu i samt leggje til rette for utvikling av næringslivet.

4.2. SATSINGSOMRÅDE

I arbeidet for å nå hovudmålsetjinga har kommunen, med bakgrunn i dei faglege kapitla som følgjer, valt ut tre satsingsområde med tilhøyrande mål og strategiar:

Folkehelse

- Folkehelse skal vere gjennomgripande i kommunen sitt arbeid og sine tenester
- Auka fysisk aktivitet for alle, mellom anna ved å leggje til rette for fleire gang- og sykkelvegar, sentrumsnære turstiar, badeplassar og sikker tilgang til natur- og friluftsområde
- Godt samarbeid mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar

Tilrettelegging for næringslivet

- Plassere nye næringsareal i nærliek til hovudvegsystemet, primært kring Stryn sentrum og på Langeset. Minst mogleg konflikt med viktige jordbruksareal, natur- og kulturlandskap og friluftsområde
- Vidareutvikle Olden som cruisedestinasjon
- Godt samarbeid mellom skule og næringsliv
- Gode vilkår for grunderånda

Bulyst og bustadtilbod

- Eit godt tenestetilbod innan helse og omsorg
- Sikre god kvalitet i skule og barnehage
- Kommunen skal prioritere å få på plass attraktive bustadfelt i vekstområdet Stryn sentrum – Loen. Dette gjeld mellom anna bustadfeltet Solvik/Rake. Når det gjeld resten av kommunen skal ein leggje i hovudsak ut område for LNF – område med spreidd bustader, i tillegg til nokre få bustadfelt i dei største tettstadane
- Intensiv norskopplæring og god integrering av språklege minoritetar
- Aktivt samarbeid mellom kommune og sivil sektor om ulike integreringstiltak i lokalsamfunnet
- Stryn skal ha eit attraktivt, inkluderande og mangfoldig kulturliv for å styrkje identitet, omdøme, næringsliv, trivsel og bulyst
- Stryn kulturhus skal vere kommunen sitt fremste hus for kunst og kulturformidling.
- Legge til rette for gode møteplassar i alle tettstader

5. FOLKEHELSE OG LEVEKÅR

5.1. FOLKEHELSE


5.1.1 STATUS OG UTFORDRINGAR

Folkehelse er samfunnet sin samla innsats for å styrke faktorar som fremjar helsa, reduserer faktorar som fører til helserisiko og som vernar mot ytre trugsmål. Folkehelsearbeidet skal også føre til jamnare sosial fordeling av faktorar som påverkar helsa.

Folkehelsearbeidet er sektorovergripande med trond for tiltak innafor infrastruktur, tenester, aktivitetar og tilbod på mange ulike samfunnsområde med sikte på å:

- Skape gode oppvekst- og levekår
- Utvikle eit samfunn som fremmer fellesskap, tryggleik og deltaking
- Utvikle eit samfunn som legg til rette for sunne levevanar

Innsatsområde som påverkar folkehelsa er t.d. bustadttilhøve, økonomisk tryggleik, trafikktryggleik, høve til skulegang og arbeid, sosialt tilhøyre, ytre miljø, levevanar når det gjeld fysisk aktivitet, kosthald, bruk av tobakk og rusmiddel. I tillegg til det kommunen har ansvar for sjølv, vert folkehelsa utfordra på ei rekke samfunnsområde der kommunen som forvaltar eller tilretteleggjar kan utøve viktig påverknad og styring.



Den overordna folkehelsesatsinga vert forankra i kommuneplanen, men delelement vil i tillegg verte omhandla i ulike kommunedelplanar som Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, kulturplan, helse- og omsorgsplan, trafikktryggleiksplan m.m.

Stryn kommune gjekk i 2006 inn partnarskapsavtale om folkehelse med Sogn og Fjordane fylkeskommune og har sidan hatt 40 % st. som **folkehelsekoordinator**. Stillinga i samarbeid med **Folkehelserådet** er viktige element i kommunen si folkehelsesatsing. Det same var 50 % stilling som ungdomskontakt med fokus på rusførebygging og generell førebyggjande verksemd blant ungdom , inntil den vart avvikla frå 2013.

Kommunane har gjennom ny folkehelselov gjeldande frå 01.01.2012, plikt til å legge til rette for målretta, samordna og systematisk folkehelsearbeid basert på lokale helseutfordringar.

Folkehelselova er eit av samhandlingsreforma sine virkemiddel med sterke krav til helseovervaking og analyser som grunnlag for prioritering og handling. Folkehelse som tema er også styrka i plan- og bygningslova, mellom anna skal kommunane fremje helse og motverke sosiale helseskilnader.

For å styrke fagkompetansen og innsatsen m.a. innafor miljøretta helsevern og helseovervaking, analyser og innspel til planlegging og prioritering, er det i 2012 gjennomført prosjektarbeid med tilråding om etablering av ei **interkommunal samfunnsmedisinsk teneste i Nordfjord**. Siktemålet er oppstart i løpet av 2013 og tenesta vil vere eit viktig hjelpemiddel for kommunal etterleving av forpliktingar etter folkehelselova.

Stryn har eit aktivt organisasjonsliv som er viktige aktørar i folkehelsesatsinga. Gjennom medeigarskap og aktivt samarbeid med **Stryn Frivilligsentral**, er det også godt utgangspunkt for konstruktiv og samordna innsats.

Utfordringar innanfor folkehelse:

- Personer over 80 år utgjer ein relativt stor del av befolkninga (5,4 %)
- Relativt mange innbyggjarar er innvandrarar og norskfødt med innvandrarforeldre (13,8 %)
- Kvaliteten på drikkevatn
- Kommunen sin geografi med lange avstandar
- Livsstilsutfordringar knytt til inaktivitet, overvekt, tobakksbruk og rus

5.1.2 MÅL

- Folkehelseperspektivet skal gjennomsyre alt kommunalt planarbeid og tenester
- Lokalmiljøa er prega av tryggleik, trivsel og inkludering
- Innbyggjarar i alle aldersgrupper skal ha god tilgang på fysiske og sosiale aktivitetstilbod og tilrettelagde arenaer inkludert uteområde for rekreasjon og aktivitet (turløyper, leikeplassar, grøntareal/rekreasjonsområde)
- Barn og unge skal få vekse opp til trygge, sjølvstendige, aktive og deltagande personar med god helse

5.1.3 STRATEGI

- Helse og førebygging skal ha vekt i planlegging og tenesteutøving
- Tilrettelegging av god infrastruktur for fellesskap, tryggleik, deltaking og sunne levevanar
- Strategisk tverrsektoriell innsats for fremme av folkehelsa
- Planlegge og prioritere ved hjelp av tilgjengeleg statistikk frå Folkehelseinstituttet gjennom kommunehelseprofiler, fylkeskommunen sine data i fylkesspegen, samhandlingsbarometeret m.m.
- Aktiv bruk av Politiråd og Førebyggingsforum med fokus på ungdomsmiljø og førebygging av kriminalitet og rusproblematikk
- Vidareføre og utvikle MOT arbeidet
- Satse på konseptet Frisklivssentral for strukturert hjelp til endring av livsstil
- Delta i interkommunal samfunnsmedisinsk teneste og andre relevante samarbeidstiltak
- Vidareutvikle samarbeidet med frivillig sektor
- Målretta bruk av folkehelsekoordinatorfunksjonen til oppfølging av mål og strategiar
- Samarbeid med idrettslinja ved Stryn vidaregåande skule

5.2. OPPVEKST

5.2.1 STATUS OG UTFORDRINGAR

Barnehage

Barnehagane i Stryn kommune har fokus på læring, trivsel, folkehelse og leik gjeve under trygge rammer. Det skal vere muleg for alle barn å delta i aktivitetar i barnehagen. Alle skal kunne utfalde seg og utvikle gode ferdigheiter og grunnleggande kunnskap.

Stryn kommune har i dag 9 kommunale og 2 private barnehagar. Vi har barnehagetilbod i alle skulekrinsane med unntak av Storesunde. Seks av barnehagane våre er samlokalisert med skule. Samlokaliseringa gjev tett samarbeid barnehage – skule, og både barnehage og skule kan drive meir rasjonelt med omsyn til økonomi.

Barnehagedekninga er svært ulik i bygdene. Barnehagane i dei minste krinsane har ledig kapasitet, medan det er mangel på plassar i Olden - Loen – Stryn sentrum. Det er særleg trøng for fleire plassar for born under 3 år.

I dag er det full barnehagedekning etter lova, dvs. til dei som fyller 1 år før 1. september, men kommunen manglar plassar til barn som fyller 1 år etter 1. september.

Grunnskule

Grunnskulen i Stryn er tufta på trivsel, likeverd, meistringsglede og tilpassa opplæring. Det er lagt stor vekt på at skulen skal spele ei sentral rolle i å skape eit godt oppvekst og læringsmiljø.

Stryn kommune har ein desentralisert skulestruktur. Vi har 1 rein ungdomsskule, 1 kombinert barne- og ungdomsskule og 6 barneskular. Elevtalet har vore relativt stabilt dei siste 10 åra, og årskulla ligg mellom 80 og 100. I tillegg til at folk i større grad buset seg i sentrale delar av kommunen, har det vore ein tendens til at fleire og fleire søker overføring til større skular i nabokrinsen. Det vil bli ein elevtopp i 2015 og 2016. På Tonning skule vil dette truleg føre til årskull med tre parallellear, noko som utfordrar kapasiteten slik den er i dag.

SFO – skulefritidsordning

Skulefritidsordninga skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna.

Frå skulestart 2013 er det SFO-tilbod ved Tonning, Loen, Olden, Vikane og Oppstryn skular. Det er lagt til rette for samarbeid med frivillige lag og organisasjonar om å legge delar av sine fritidstilbod til SFO, ved at det er sett av midlar til dette føremålet.

Stryn kommune har tilbod om SFO til *alle* elevar på barnetrinnet. Føresetnaden er knytt til minimum tal deltakarar.

Vaksenopplæring

Stryn Vaksenopplæringssenter ligg i Kulturhuset og har ansvar for alle vaksenopplæringstiltak etter vaksenopplæringslova, introduksjonslova og opplæringslova:

- Vaksne som ønskjer det, har rett til grunnskuleopplæring for vaksne. Det har ikkje vore gjeve tilbod om slik utdanning i Stryn kommune sidan 2012
- Vaksne med særlege behov har rett til spesialundervisning på grunnskulen sitt område. Denne opplæringa er lagt til Vaksenopplæringssenteret

- Norsk-/samfunns- undervisning for vaksne flyktningar og innvandrarar. Skulen har tilbod om dag- og kveldsundervisning for dei som har rett til statleg finansiert undervisning. Ein har same tilbod for dei som ikkje har rett til gratis undervisning, mot betaling. Skulen tek imot nye deltakarar fortløpende heile skuleåret

Vaksenopplæringssenteret samarbeider tett med flyktningstenesta om språkpraksisplassar og samarbeider med NAV og flyktningstenesta om arbeidspraksisplassar.

5.2.2 MÅL

- Alle barn og elevar skal gjevast like gode føresetnader for å utvikle evner og talent individuelt og i samarbeid med andre
- Livslang læring og god samanheng i det 13 årige skuleløpet
- Gode læringsmiljø med nulltoleranse for mobbing, vald og truslar
- God integrering av minoritetsspråklege barn, elevar og vaksne
- God rekruttering av kompetent personale
- Fysisk aktive barn og elevar
- Sikre alle barnehageplass
- Legge til rette for nyskaping, kreativitet og etablering
- Fremje likestilling, toleranse og skape forståing for ulike verdi- og kulturgrunnlag
- Samordne innsatsen for barn, unge og vaksne gjennom tverrfagleg samarbeid

5.2.3 STRATEGI

- Vektlegge gode læringsresultat ut ifrå enkelteleven sine føresetnadar
- Fokus på høgt læringstrykk
- IKT som administrativt og fagleg verktøy i skule og barnehage
- Intensiv norskopplæring for språklege minoritarar
- Utvikle og få til betre samanheng mellom vaksenopplæring, arbeid og utdanning i samarbeid med NAV, flyktningstenesta og utdanningsinstitusjonane
- Plan og kontinuerleg arbeid for førebygging og handtering av konfliktar i elevmiljøet
- Sikre samarbeid og gode overgangar mellom barnehage, Barneskule, ungdomsskule og vidaregåande skule
- Dagleg fysisk aktivitet og fokus på kosthald i skule og barnehage
- Vidareutvikle og skape møteplassar for auka tverrfagleg og tverr-etatleg samarbeid
- Styrke samarbeidet med næringslivet
- Stimulere til auka aktivitet etter skuletid
- Gje tilbod om kulturelle opplevelingar i skule og barnehage
- Sikre ein framtidsretta og berekraftig barnehage- og skulestruktur. Tilbodet i kommunen må byggast ut slik at ein til ei kvar tid har kapasitet til ein forventa vekst i barne- og elevtalet
- Auke barnehagekapasiteten i Stryn sentrum – Loen – Olden
- Sikre gode og tidsmessige lokale og aktivitetsområde
- Utarbeide kommunedelplan for oppvekstsektoren

5.3 HELSE OG SOSIAL OMSORG

5.3.1 STATUS OG UTFORDRINGAR

Barneverntenesta

Det lovpålagde ansvaret er stort for å sikre at barn og unge har trygge oppvekstvilkår og at dei som lever under tilhøve som kan vere skadeleg for helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Barneverntenesta syter for forsvarlege tenester innafor knappe ressursar sjølv om kommunen skil seg ut med få fagstillingar (3,6 årsverk) og låge driftsutgifter i høve folketal og tal innbyggjarar i alderen 0-17 år.

Det vert satsa mykje på tett samarbeid med andre kommunale tenester og å gripe inn i tidleg. Interkommunal barneverneneste for 6 Nordfjordkommunar vart utgreidd i 2012, men i lag med Gloppen, trakk Stryn seg frå ei så omfattande fellessteneste av økonomiske, faglege og kulturelle omsyn.

I 2013 etablerer Gloppen, Eid og Stryn 2 interkommunale tiltaksstillingar i barnevernet med Gloppen som vertskommune. Dette som erstatning for rådgjevingsteneste i heimen som statlege Bufetat avviklar i løpet av året.

Utfordringar:

- Barnevernet vert akseptert som ein ressurs og hjelpeinstans i aktiv samhandling med andre kommunale tenester. Andre fagpersonar/tenester melder si bekymring når det er grunnlag for det
- Stabilt fagpersonell med god kompetanse i barnevernenesta
- Alle faglege kvalitetsprosedyrar (tidsfristar, metodikk, innhald m.m.) vert etterlevd
- Få på plass gode samarbeidssystem rundt interkommunale tiltaksstillingar med relevant fagleg kompetanse

Sosial tenester i NAV

NAV Stryn vart etablert i august 2008. Kontoret er lokalisert i kommunesenteret med gode føresetnader for tett samarbeid med ulike kommunale samarbeidspartar.

Den overordna målsettinga er at å samordne sosiale og økonomiske tenester innafor statleg og kommunalt ansvarsområde skal medverke til sosial og økonomisk tryggleik, kvalifisering og sysselsetting. Kommunen har i tillegg lagt hovudansvaret for mellombels bustad, rusomsorg og bustadoppfølging av rusklientar til NAV-kontoret.

Stryn kommune har låg arbeidsløyse og relativt små utgifter til økonomisk sosialhjelp i høve folketalet. Stryn har mange arbeidsinnvandrarar og nokre flyktningar som har problem med innpass på arbeidsmarknaden.

Engasjementstilling som ruskonsulent ved hjelp av øyremerka statstilskot, har gjort det mogleg å betre samarbeidsrutinane og den målretta oppfølginga av klientar som slit med rusproblematikk. Sosialbustadar for rus/psykiatri vert etablert i løpet av 2013.

Utfordringar:

- Alternativ sysselsetting til arbeidsinnvandrarar som vert arbeidsledige
- Vanskelegare enn før å skaffe lønna arbeid til flyktningar som kommunen har busett
- Manglande norskunnskap er eit hinder
- Kapasitet til samordna innsats og tilstrekkeleg oppfølging av personar som slit med rusproblematikk

- Føringar i Samhandlingsreforma om meir kommunalt ansvar for brukarar innafor fagfeltet rus

Helse- og omsorgstenester

Samhandlingsreforma som vart innført 01.01.2012 etter vedtak i Stortinget, vil setje sitt preg på alt som skjer i helse- og omsorgssektoren i mange år framover. Bakgrunnen for reforma er ei helseteneste som ikkje er berekraftig når det gjeld økonomi og personell og eit sjukdomsbilde i endring der mykje er relatert til livsstil.

Det dreier seg om ein retningsreform som vil utvikle seg over tid, med overføring av oppgåver frå statleg til kommunalt nivå og med mykje større fokus på førebygging og rehabilitering.
Rettesnora er: rett behandling - på rett stad - til rett tid.

Større brukarmedverkand, betre koordinerte tenester, samhandling på tvers av tenester og nivå er også viktige føringar.

Sentrale virkemiddel er nytt lovverk, m.a. lov om kommunale helse- og omsorgstenester, betaling for utskrivingsklare pasientar frå spesialisthelsetenesta frå første dag, kommunal medfinansiering for behandling av indremedisinske tilstander i sjukehus og kommunal plikt til å etablere øyeblikkeleg hjelp/døgnopphald.

Det er også varslet at systemet etter kvart også vil omfatte rus og psykiatri.

Reforma får innverknad på legetenesta, helsestasjonstenesta, rehabiliteringstenesta og pleie- og omsorgstenestene i vid forstand.

Samhandlingsreforma gjev så store utfordringar at det vil bli sett i gang arbeid med å utforme kommunedelplan for helse- og omsorgstenester.



Stryn omsorgsenter

Utfordringar:

- Styrke legekapasiteten
- Sikre framtidssikre og funksjonelle lokale for legetenesta
- Bygge ut kommunale plassar for heil døgns pleie- og omsorgstenester i samsvar med behov
- Ha rett nivå på tenestene slik at det stimulerer til å klare seg lengst mogleg utanfor institusjon
- Dimensjonere og innrette det kommunale tenestetilbodet slik at det vert rett bruk av sjukehustenester
- Bygge opp rehabiliterande innsats i alle ledd
- Forsterke den førebyggjande innsatsen

5.3.2 MÅL

Barneverntenesta

- Barnevernet i Stryn er gode på førebyggjande tiltak som bidreg til å styrke foreldrekompetanse og meistring hos barn og unge som slit med alvorleg mistilpassing
- Barnevernet i Stryn sikrar at barn og unge får naudsynt hjelp ved behov
- Gode sakshandsamingsrutinar som overheld tidsfristar og innfri fastsete kvalitetskrav

Sosial tenester i NAV

- Unngå auke i tal stønadsmottakarar ut over 1,5 - 2 % av innbyggjartalet
- Utbetalingar av økonomisk sosialhjelp held seg på lavt nivå (ca. 0,005% av kommunen sine samla brutto driftsinntekter)
- Unngå at unge under 30 år fell ut av skule og arbeidsliv
- Avdekke og følgje opp personar som slit med rusproblematikk slik at funksjonsnivået er best mogleg
- Sikre butilbod for personar som slit med rusproblem

Helse- og omsorgstenester

- Levekåra i kommunen skal vere slik at dei førebyggjer sosiale og helsemessige vanskar.
- Alle innbyggjarar skal ha tryggleik og livskvalitet og dei får forsvarlege helse- og omsorgstenester ut frå individuell trond
- Kommunen taklar eigne forpliktingar etter lova og syter for god ressursutnytting

5.3.3 STRATEGI

Barneverntenesta

- Aktiv bruk og vidareutvikling av kvalitetssystem
- Fokus på fagutvikling
- Tett tverrfagleg samarbeid i kommunen
- Interkommunalt samarbeid (tiltaksstillingar, fagleg samarbeid m.m.)

Sosial tenester i NAV

- Samarbeid med flyktningstenesta, vaksenopplæring og næringsliv for å kvalifisere flyktningar og innvandrarar til arbeid
- Gruppetilbod for å styrke meistringskompetansen hos unge stønadsmottakarar.
- Gode samarbeidsstrukturar kring rusproblematikk og ressurs for samordning og innsats
- Nyte rusbestadar aktivt for styrking av bukompetanse og meistring

Helse- og omsorgstenester

- Syte for funksjonelle lokalitetar for helse - og omsorgstenestene
- Utforme helse- og omsorgsplan som tek høgde for å avklare ressursinnsats, dimensjonering, oppgåvedeling m.m.
- Ha rett nivå på tenestene for at folk klarer seg heime lengst mogleg. Legge vekt på rasjonell struktur for tenesteyting både på institusjon og i heimebaserte tenester
- Utvikle samarbeid og samhandling med frivillige
- Satse på interkommunalt samarbeid om oppgåver som er vanskeleg å takle åleine

5.4. FLYKTNINGAR OG INNVANDRING

5.4.1 STATUS OG UTFORDRINGER

Stryn skil seg ut i Sogn og Fjordane ved at heile 13,7 % av innbyggjarane er innvandrarar eller norskfødde med innvandrabakgrunn. Heile 79 % av desse kjem frå Europa unntake Tyrkia, 11 % frå Asia inkl. Tyrkia og 6 % frå Afrika.

Grunnskulen i Stryn har siste åra hatt sterkt vekst i elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn frå 7,6 % i 2007 til 12,8 i 2013. Dei fleste av desse er konsentrert til Tonning skule. Elevane representerer opp i 25 ulike språk. I barnehagane har ca. 18 % minoritetsspråkleg bakgrunn, og i Tonning barnehage utgjer dei 25 %.

Forklaringane på den store veksten i omfanget på innbyggjarar med innvandrabakgrunn siste tiåret er fleire:

- Årleg busetting av flyktningar sidan 1987
- Lang tradisjon for rekrutteringa av utanlandske arbeidskraft til turistnæringa
- Omfattande og tiltakande arbeidsinnvandring til jordbruk og industri frå aust-Europa siste åra
- Familien til arbeidsinnvandrarane buset seg i større grad også i kommunen
- Familiegjenforening med norske

Den viktigaste einskildfaktoren for positiv folketalsvekst er nettopp innvandring frå utlandet. I tillegg er arbeidsinnvandring viktig for næringsutvikling. Som ein følgje av høg arbeidsinnvandring vil det vere meir behov for tilgang på gjennomgangsbustader og rimelege bustader for kjøp.

Kommunen får tilskot frå staten til busetting av flyktningar og har apparat til integreringsarbeidet, mellom anna introduksjonsprogram med opplæring i norsk, samfunnsfag og arbeidstrening. Det har derimot vore liten spesifikk innsats for tilrettelegging og integrering av arbeidsinnvandrarar. Unnataket er barnehage og grunnskule som må leggjast til rette for alle born som får tilbod.

Vaksenopplæringa gjev dessutan tilbod til vaksne betalingselevar, men deltakartalet er lite i høve talet på vaksne, minoritetsspråklege som bur i kommunen. NAV Stryn har frå 2012 registrert auke i tal arbeidsledige frå aust-Europa og desse har til dels store manglar når det gjeld det norske språket.

Den store arbeidsinnvandringa set ulike kommunale tenester under press. Det er ei utfordring å ha tilstrekkeleg kapasitet både på helsetenester (særleg helsestasjon/skulehelseteneste og psykiatriteneste) og for skule og barnehage.

5.4.2 MÅL

- Flyktningar og arbeidsinnvandrarar er godt integrert i lokalsamfunnet
- Flyktningar som vert busett er i stor grad sjølvhjelpte i løpet av 5 år
- Arbeidsinnvandrar og flyktningar vert nytta aktivt som ein ressurs i lokalsamfunn og næringsliv
- Flyktningar og arbeidsinnvandrarar er kvalifiserte for å vere attraktive på den lokale arbeidsmarknaden
- God tilgang på bustadar (leige og kjøp)

5.4.3 STRATEGI

- Nytte barnehage, grunnskule og SFO aktivt for å sikre god språkutvikling og integrering
- Ha arbeidsretta norskopplæring
- Aktivt samarbeid mellom kommune, næringsliv og NAV om språkopplæring og kvalifiseringstiltak for vaksne
- Aktivt samarbeid mellom kommune og frivillig sektor om ulike integreringstiltak i lokalsamfunnet
- Samarbeid kommune/næringsliv om bustadpolitikk for å utvide tilgangen på bustader til overkomeleg pris



Illustrasjon

5.5. IDRETT OG FRILUFTSLIV

5.5.1 STATUS OG UTFORDRINGAR

Fysisk aktivitet er ein viktig helsefaktor for alle aldersgrupper. God tilrettelegging for idrett og friluftsliv er ein viktig bidragsyta til betre folkehelse, der tilgang til areal og arenaer som innbyr til leik og aktivitet er viktig.

Fleire barn og unge i alderen 6-19 år er i dag mindre fysisk aktive enn før. Dette er ei stor utfordring for samfunnet. Bygging av nærmiljøanlegg og tilrettelegging for eigenorganisert leik/fysisk aktivitet og sosialt samvær, vert teke fram som viktige tiltak for å motverke dette. Det å kunne gå og sykle på ein trygg og rask skuleveg stimulerer til kvardagsaktivitet.

Idrettsanlegg og nærmiljøanlegg

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2013-2016 imøtekjem kulturdepartementet sitt plankrav når det gjeld søknadsrett til spelemidlar.

Dei fleste idrettsanlegg som vert bygt ut i Stryn kommune, vert gjennomført utan kommunalt tilskot.

Av større idrettsanlegg/tiltak som er ferdig utbygd kan ein nemne:

- | | |
|---------------------------------------|-----------------------------------|
| • Stryn Motorpark (Svarstad) | Ferdig, er tildelt spelemidlar |
| • Ny rulleskibane (Ullsheim) | Ferdig, er tildelt spelemidlar |
| • Ny kunstgrasbane (Stryn stadion) | Ferdig, ikkje tildelt spelemidlar |
| • Delanlegg friidrett (Stryn stadion) | Ferdig, er tildelt spelemidlar |

Det er eit sterkt ønske og behov for eit nytt varmtvassbasseng i kommunen. Det er ei utfordring at det ikkje er funne plass til dette i økonomiplanen. Tiltaket er med i langsiktig del av idrettsplanen og kan rullerast inn i handlingsprogrammet, dersom det vert fullfinansiert.

Oppfølging av plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er bra når det gjeld idrett og fysisk aktivitet, men ikkje optimal med omsyn til friluftsliv. Dette skuldast at kommunen ikkje har funne rom for å dekke eigenandelen i anlegga, samstundes som vi ikkje har hatt frivillige lag og foreiningar til å ta eigenandelen i form av dugnad - slik det er i høve idrettsanlegg.

Friluftsliv

Kring dei største tettstadane etterspør folk i aukande grad tilrettelagte friluftsområde, med rydda og merka turløyper og preparerte skiløyper. Slik tilrettelegging vil ofte krevje offentleg sikring.



Turløyper ved Bøasetra-Ullsheim

Sikring av område for friluftsliv inneberer at det offentlege skaffar seg råderett over areal ved erverv av eigedomsrrett, eller ved avtale om varig bruksrett (servituttavtale). I Stryn er berre eitt område, Tonningleirane, som er sikra til friluftsliv - der bading og strandbaserte aktiviteter var sikringstema.

I samband med utarbeiding av kommunedelplan for Bøasetra-Ullsheim blei innbyggjarane meir medvetne på den verdien løypane har for området. For å sikre sti- og løpenettet i området blir det difor utarbeidd ei områderegulering i tillegg til at kommunen inngår avtalar med grunneigarane.

Aktuelle område å sikre for friluftslivet er:

- Tonningleirane – Ullsheim turløyper
- Flofjellsvegen
- Turveg rundt Vikaleirane
- Staveneset badeplass
- Øvre Visnes friområde
- Brulandsstranda badeplass

Dei fleste område som vert nytta til friluftsliv treng ikkje sikrast med avtaler, i hovudsak fordi dei ikkje krev tilrettelegging. For einskilde område kan det likevel vere behov for at desse har føremål som friområde i kommuneplanen sin arealdel. Dette gjeld mellom anna badeplassane, som er viktige i høve utøving av friluftsliv.

Skyting er ein stor folkeidrett, også i Stryn. Det er viktig at utøvarane innan sporten har gode trenings- og konkurransetilhøve. Plasseringa av hovudanlegget for skyting på Bøanedsetra er ikkje tilfredstillande, verken i høve idretten eller framtidig utvikling av skisenteret og potensielle hytte-/bustadområde.

5.5.2 MÅL

- Alle skal ha høve til å drive idrett og fysisk aktivitet i form av trening og mosjon
- Sikre idretten gode rammevilkår
- Aktivitetsnivået generelt i befolkninga skal aukast ved å legge til rette for fysisk aktivitet
- Utvikle attraktive tilbod for barn og unge
- Kommunen skal prøve å finne ny plassering av hovudanlegg for skyting i arealdelen

5.5.3 STRATEGI

- Oppfølging av vedteken kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Legge til rette for breidde og variasjon innan idretten
- Avklare og setje av areal til idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Godt samarbeid mellom lag/organisasjonar og kommunen som stimulerer til utbygging, god drift og aktivitet
- Legge til rette for eigenorganisert aktivitet blant barn og unge ved å ha gode nærmiljø/aktivitetsanlegg
- Legge til rette for sentrumsnære turstiar og god tilgang til naturområder
- Sikre dei viktigaste friluftsområda, dette gjeld særleg turstiar og badeområde med parkering

5.6. KULTUR

5.6.1 STATUS OG UTFORDRINGAR

Eit vitalt kulturliv er naudsynt i eit moderne samfunn. Det er viktig med god tilgang til eit mangfald av aktivitetar, kunst og kulturopplevingar for alle innbyggjarane i kommunen.

Tilhøva skal leggjast til rette for å inspirere til kulturaktivitetar og engasjement innan alle typar kulturliv. Den totale kulturproduksjonen skal vere av eit slikt omfang som gjer det naturleg å kalle Stryn ein kulturkommune.

Kulturhus/kino og symjehall

Kinoen er no fullt digitalisert med lyd og bilde. Ny kiosk og kaffibar samt modernisering av foajé og møterom har vore viktige tiltak for den positive utviklinga vi no opplever i kulturhuset og kinoen. Kulturhuset har overteke drifta av Heimskringla, noko som gir oss høve til nytenking rundt utleige/tilbod i 1.etg. Frå hausten 2013 skal konseptet kulturhus/symjehall utviklast vidare mellom anna med felles inngang, kiosksal og billettsal.

Bibliotek

Biblioteka vil i framtida få ei større satsing frå nasjonalt hald. Eit viktig element i utviklinga av biblioteket som ein moderne møteplass og formidlingsarena er m.a. utvikling av ein digital infrastruktur.

Kulturskulen

Kulturskulen treng nye undervisningslokale. Det er ei utfording å få dette til på kort sikt.

Frå hausten 2013 er det lagt opp til at alle elevar i 1.-4. klasse som ønskjer det, skal få 1 time med kulturskuleundervisning i skuletida. Det vert ei utfording å få dette til på ein god måte.

Ungdomsarbeid

Barn og unge har rett til å medverke og gi uttale i saker som vedkjem dei. Det er behov for eit målretta og føreseieleg førebyggande ungdomsarbeid. Stillinga som ungdomskontakt vart lagt ned 1.1.13. Av oppgåvane til ungdomskontakten vert MOT-avtalen og Stryn ungdomsråd forsøkt vidareført på ein god måte.

Kunstgalleri

I Stryn har vi fleire galleri og utstillingsrom for kunst. Dei er viktige tiltak for formidling av moderne kunst.

Bevaring og formidling av kommunen sitt museum og galleri på ein god måte har vore og er ei utfording. Det er behov for meir ressursar til dette arbeidet.

Større arrangement

Kulturnatt starta opp i 2007 og er eit etablert samarbeid mellom alle kommunane i Nordfjord og det frivillige kulturliv. Treskifestivalen, Ping Pong revyen og Oktoberfest er alle eksempel på større private arrangement som har kome til dei siste åra. Desse og mange fleire små og store arrangement rundt om i kommunen, er med på å setje Stryn på kartet, auke trivselen og skape aktivitet i kommunen.

Lag og organisasjoner

Lag og organisasjoner/det frivillige kulturliv er den viktigaste drivkrafta i lokalt kulturliv. Utan ein sterkt frivillig sektor vil det kulturelle fundament i samfunnet bli sterkt svekka.

Dugnadstradisjonen er sterkt i Stryn kommune, og mange er villige til å stille opp for fellesskapen med gratisinnsats. Likevel ser vi ei endring ved at fleire ønskjer å delta i aktivitetar eller tidsavgrensa prosjekt/tiltak utan å ta på seg styreverv eller vere fast medlem i lag/organisasjonar.

Det er ei prioritert oppgåve for det offentlege å bidra til at mest muleg av frivillige lag og organisasjonar sitt arbeid skal gå til aktivitet og ikkje administrasjon. Difor er det viktig med ei god og effektiv samarbeidsform mellom kommunen og frivillige, samt at frivillig sektor har gode tilskotsordningar som stimulerer til innsats og aktivitet.

5.6.2 MÅL

- Stryn kommune skal ha ein aktiv og framtidsretta kulturpolitikk
- Alle skal ha lik føresetnad for deltaking og til å utvikle sine skapande ressursar
- Kunst og kultur skal vere med på å gjere kommunen til ein attraktiv stad å bu og virke

5.6.3 STRATEGI

- Oppfølging av vedteken kommunedelplan for kultur
- Utvikle eksisterande og nye kulturtildel
- Kunst og kultur skal involvere endå fleire barn og unge som aktørar
- Gode støtteordningar / økonomiske rammevilkår for lag og organisasjonar som stimulerer til innsats og aktivitet
- Utvikle Stryn kulturhus vidare som kommunen sitt fremste hus for kunst og kulturformidling. Kulturhuset skal i tillegg vere eit naturleg val for møteverksemd, kurs og konferansar
- Utvikle og legge til rette for at Stryn kulturskule skal bli eit ressurssenter for kultur og kunstfag
- Arbeide for å få nye lokale til kulturskulen
- Utvikle og legge til rette for at Stryn bibliotek skal vere eit framtidsretta og moderne folkebibliotek og skulebibliotek
- Synleggjere og inkludere eit aukande etnisk mangfold i kulturlivet
- Profesjonalisere tenestetilbodet innafor kultursegmentet
- Arbeide for å få gjenopprette stillinga som ungdomskontakt



Stryn kulturhus

5.7. KYRKJA

5.7.1 STATUS OG UTFORDRINGAR

Kyrkja

Kyrkjene i Stryn er vakre signalbygg i kvar sine grender. Det er stor oppslutning i kyrkjene ved dei ulike fasane i livet frå vogge til grav, men også til ulike arrangement. I Stryn er det i overkant av 6000 menneske som er medlem i kyrkjene. I Loen vert kyrkja nytta meir av den Katolske kyrkja enn av den Norske kyrkja. Samarbeid om bruk av kyrkjene blir sett på som positivt.

Dei siste åra har det vore mykje reformarbeid innafor kyrkjeleg sektor. Det er laga planar for trus-opplæring og gjennomført særlege tiltak for barn og unge frå 0-18 år. Gjennom dette arbeidet er kyrkja i kontakt med nesten alle barn og unge i kommunen. Det er mykje frivillig kristent barne- og ungdomsarbeid i Stryn, dette bidreg til livsmeistring og eit trygt oppvekstmiljø.

Kyrkja er ikkje kommunen sitt formelle ansvar – dette er overført til kyrkjeleg fellesråd, men kommunen er i hovudsak ansvarleg for å dekkje utgiftene til kyrkja, hovudpostane er:

- Bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer og gravplassar (kyrkjegardar)
- Løn til kyrkjelege stillingar
- Kyrkjeleg administrasjon
- Konfirmasjonsopplæring

Kyrkjegardane

Det har i dei seinare år vore utvidingar av kyrkjegardane i Nedstryn, Olden, Utvik og Loen. På Nordsida er planane klare for utviding, men dette er ikkje gjennomført.

Nedstryn kyrkjegard var utvida med eit nytt felt i 2006. Det ser ut som at dette gravfeltet vil verte fullt innan 2022. Det må derfor planleggast for vidare utbygging og finansiering av kyrkjegarden slik at ein er førebudd på utbygging før gravplassen er full.

Det har vore diskutert meir bruk av kremasjon og eventuelt eigne urnefelt for å redusere arealbehovet. Bruk av kremasjon er lite vanleg i Stryn, noko som har både med tradisjon, følelsar og økonomi å gjere. Kyrkja trur at det kan gå fleire generasjonar før kremasjon vert så vanleg at det vil merkast på arealbehovet.

Vedlikehald

9 kyrkjer og kyrkjegardar er ei utfordring når det gjeld jamt vedlikehald. Det er ei utfordring at kyrkjene ligg langt frå kvarandre, det blir mange små stillingar for å få gjennomført dei ulike tenestene. Universell tilkomst er ei utfordring både til kyrkjene og gravplassane.

Kyrkjene er særleg utsette brannobjekt. Det er installert brannvarslingsanlegg i halvparten av kyrkjene, dette bør gjerast også i dei resterande. Men varsling aleine er ikkje nok for å redde bygga ved brann. Sprinklaranlegg er installert berre i ei kyrkje, dette er naudsynt også for dei andre.

Orgelet er framleis hovudinstrumentet i kyrkja og i tillegg til behovet for dyktige musikarar, er det store utfordringar knytt til vedlikehald og modernisering av orgelparken. Det er difor svært viktig å ha økonomi og ein systematisk plan for vedlikehald, restaurering og eventuelt ombygging for å minske behovet for total utskifting. I 2006 vart det avset kr 200.000,- til orgelfond, men fondet har ikkje fått påfyll etter dette.

Kyrkja har behov for eit sentralt felles lager for gravemaskin, transportutstyr og anna maskinelt utstyr, samt vedlikehaldsverkstad. Dette bør ligge i området Stryn Sentrum – Nedstryn kyrkje.



Nedstryn kyrkje

5.7.2 MÅL

- Å legge forholda til rette for at Den norske kyrkja skal kunne oppretthaldast og førast vidare som folkekyrkje. Folkekyrkja er kjenneteikna ved at den er nærverande i alle lokalsamfunn i landet, at den samlar brei deltaking og oppslutnad, og at den er relevant for kyrkja sine medlemmer gjennom livet
- Halde kyrkjene og gravplassane jamt vedlike slik at ein slepp å få store vedlikehaldsoppgåver som krev store investeringar

5.7.3 STRATEGI

- Sikre tilstrekkelege rammeløyvingar og tenesteyting
- Areal til nye gravplassar, driftsbygg og parkering må sikrast gjennom arbeidet med kommuneplanen sin arealdel
- Bevisstgjering av om kva som vert gjort i kyrkjeleg regi

6. NATUR, KULTURMILJØ OG LANDSKAP

6.1. STATUS OG UTFORDRINGAR

Verna og sikra område

Stryn har fleire område som er verna etter Naturmangfaldlova. Det er verneforskrifta som styrer kva type inngrep som er tillate i verneområda. Av Jostedalsbreen nasjonalpark sine vel 1300 km² ligg meir enn ein tredel av arealet i Stryn. Kommunen har status som nasjonalparkkommune, og er medlem i Rådet for nasjonalparkkommunar.

Deler av Jostedalsbreen nasjonalpark har hatt ein del aktivitet med helikopter som har medført støyplager for brukarane av parken. Denne utfordringa er avtagande. Det er eit behov for å definere helikopterfrie soner i kommunen, særleg med omsyn til friluftslivet.

Kommunen har i tillegg fire naturreservat på til saman over 8 km²:

- Flostranda (edellauvskog) på 1814 dekar
- Tvinna (myr) på 5076 dekar
- Prestestøylen (myr) på 711 dekar
- Tjønnane (myr) på 483 dekar

Ottadalsområdet er definert som eit nasjonalt viktig villreinområde. Det er utarbeidd ein regional plan for villrein for området.

Inngrepsfri natur

Kartlegging av inngrepsfrie naturområde i Noreg (INON) syner kva for område som ligg ein kilometer eller meir unna tyngre tekniske inngrep. Stryn er ein av dei kommunane i Sogn og Fjordane som har hatt det største tapet av inngrepsfri natur i perioden 1988-2008, der store delar av tapet gjeld villmarksprega naturområde.

Inngrepsfri natur er viktig for naturmangfaldet, både i form av landskapsverdiar og biologisk mangfald.

Biologisk mangfald

Det biologiske mangfaldet i kommunen vart registrert i 2002, med ei supplerande registrering i 2009. Berre ein liten del av det biologiske mangfaldet i kommunen er kartlagt. Mange lokalitetar har nasjonal verdi. I samband med arbeidet er det gjort fleire funn av raudlisteartar, der ein del av desse er svært sjeldsynte nasjonalt. Resultata syner at mangfaldet er særleg stort i vår kommune.

Den nye ordninga med *utvalde naturtypar og prioriterte artar* gir reglar for forvaltning av naturmangfald utanfor verneområda. I 2011 vart det vedteke fem utvalde naturtypar og åtte prioriterte artar. I Stryn er det registrert førekommstar av naturtypane slåttemark, slåttemyr og innhola eiker, men ingen av dei prioriterte artane.

Vassdrag

Arbeidet med regionale forvaltningsplanar for vatn er heimla i Vassforskrifta. Målet er å oppnå god økologisk status i alle vassførekommstar innan 2021. Kommunane har ei viktig rolle i dette arbeidet, ved å bidra med å kartlegge miljøtilstanden og vurdere kva for tiltak som må gjennomførast for at vi skal få eit godt og tenleg vassmiljø.

Stryn kommune inngår i Vassområde Nordfjord, som er eitt av 4 vassområde i Vassregion Sogn og Fjordane, og vert omfatta av forvaltningsplanen for perioden 2015 - 2021.

Den delen av Nordfjorden som ligg i Stryn kommune er vedteken som "nasjonal laksefjord", med restriksjonar i høve oppdrett og andre inngrep som kan påverke anadrom laksefisk. Strynevassdraget, Loenvassdraget og Oldenvassdraget er "nasjonale laksevassdrag".

Elvedelta er ein naturtype som er truga av næringsutvikling, vegbygging og tettstadutvikling. Vi har svært lite igjen av denne naturtypen i Stryn, samstundes som presset på det vi har igjen er stort.

Strandsona

Byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø markerar at området er av nasjonal interesse. Det skal takast særleg omsyn til naturmiljø, kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesse her. Målet er å ivareta allmenne interesse og unngå ueheldig utbygging langs sjøen.

Skal det byggast i 100-metersbeltet må bygging skje etter ein vedteken plan. Byggjeforbodet gjeld så lengje det ikkje er sett ei anna byggjegrense i kommuneplan eller reguleringsplan.

Kulturminne og kulturmiljø

Kommunen har mange slag kulturmiljø og kulturminne. Kulturminne kan bli sett på som eit problem fordi fokuset ofte er arealbrukskonflikter. Ønskjet er at kulturminne blir sett på som ein unik, lokal ressurs som kan nyttast i opplæring i skulen og som opplevingskjelde i reiselivet.

Kommunedelplan for bygningsvern blei vedteken i 2000. Grunnlaget for planen er SEFRAK-registeret som i hovudsak er registrerte bygningar eldre enn 1900.

I planstrategien står det at kommunen skal utarbeide ein plan for kulturminne og kulturmiljø i 2014. Planen vil bli avgrensa tematisk og eventuelt òg geografisk.

Kulturlandskap

Kulturlandskapet på garden Utigard på Faleide er registrert som nasjonalt viktig. Garden er representativ for tradisjonelle gardsbruk i Indre Nordfjord og er vurdert til å vere spesielt verneverdig. For at slike kulturlandskap skal haldast ope må ein drive skjøtsel av dei.

Slåttemarkene som er ei prioritert naturtype å ta vare på er truga av gjengroing på grunn av manglande drift.

SMIL-ordninga (Særskilte miljøtiltak i landbruket) er ei tilskotsordning som kan nyttast til mellom anna å fremje ivaretaking av natur- og kulturminneverdiar i jordbruket sitt kulturlandskap.



Steingard

Jordvern

Stryn kommune har eit samla jordbruksareal i drift på 30 000 da. Av dette er vel 27 000 fulldyrka og overflatedyrka jord.

Det er ei nasjonal målsetting å halvere omdisponeringa av dei mest verdfulle jordressursane. I åra 2005 til 2011 er det til saman godkjent omdisponering av 213 da dyrka og dyrkbar jord i kommunen. I desse tala ligg nok ein del «dyrkbar» jord som truleg ikkje er aktuell dyrkingsjord.

Hittil har det ikkje vore eit problem at gode jordbruksareal har blitt teke til anna føremål, men det ser ut som utviklinga går i retning av at det kan bli vanskelegare å ta vare på dyrka jord. Ønskje om areal til næringsutvikling og bustadbygging kjem ofte i konflikt med viktig jordbruksareal, naturområde og kulturlandskap. Ei forklaring kan vere at færre av eigarane av landbruksareal driv jorda sjølv, og dei ynskjer alternativ inntekt av eigedomen sin. Ein må difor ha ei klar haldning til dette, og forankre det i langsiktige planverk.

I Stryn vart det i 2006 utarbeidd ei registrering over dei viktigaste jordbruksområda og kulturlandskapa – «Kjerneområde landbruk». Denne registreringa skal vere ein reiskap til hjelp for å vurdere kva areal som skal særleg vernast mot nedbygging.

6.2. MÅL

- Vi skal i størst mogleg grad vere kjent med dei natur- og kulturressursane vi har
- Ta vare på område med høgt biologisk mangfold og verdifulle natur- og kulturlandskap
- Areal som er i drift innan landbruket skal vere av same omfang som i dag

6.3. STRATEGI

- Kommunen kan definere soner med særlege omsyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø. Kjerneområde landbruk og område med stort naturmangfold skal leggjast inn med omsynssoner i kommuneplanen
- Utarbeide kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø. Planen skal vere eit verktøy for å gjere innbyggjarane meir medvetne i å ta vare på kulturminne, og kunne nytte kunnskapen om dei i ulike samanhengar
- Nytte SMIL-midlane til rydding av beite og skjøtsel av gamal kulturmark, til dømes slåttemarker
- Kommuneplanen skal vera langsiktig og offensiv i å finne store, samanhengande byggeområde som ikkje går for mykje på bekostning av viktige restar av elvedelta eller dyrka jord

7. TETTSTADER OG BUSTADOMRÅDE

7.1. STATUS OG UTFORDRINGAR

Tettstader er av SSB definert som ei samling av hus der det bur minst 200 personar, og avstanden mellom husa normalt ikkje er meir enn 50 meter. Etter denne definisjonen er det tre tettstadar i Stryn kommune – Stryn sentrum, Olden og Innvik. I samfunnsdelen omtalar vi også andre bygdesentra som tettstader, sjølv om dei etter denne definisjonen fell utanfor.

Som det går fram av kapittelet om folketalsutvikling, bur innbyggjarane i kommunen spreidd. Grunnen til dette er at Stryn kommune har mange mindre bygder og grender. Dette er ein kvalitet i seg sjølv, men det medfører høgare kostnader til dømes for skulestruktur og all infrastruktur enn for ein kommune med få og større tettstader.

Ledige bustadtomter

Stad	Felt	Tomter einebustad	Areal konsentrert utbygging
Utvik	Sentrum	1	
	Brulandsstranda	5	
Innvik	Bennæsstykket	8	
	Hildastranda	3	
Olden	Muristranda	1	
	Naustbakkan	14	
Loen	Kvitfjell	8	6,8 daa
	Rake	3	
Stryn	Hogane	5	
Blakset	Steinset	3	
Fjelli	Sagehaugen	15	

Oversikt over ledige bustadtomter i kommunal regi (pr. 01.05.13):

Klargjering av nye bustadområde

Klargjering av nytt bustadareal har to hovudetappar:

- Plassere og setje av areal til bustadbygging i arealdelen til kommuneplanen
- Detaljplanlegging, finansiering, grunnerverv og utbygging av infrastruktur i bustadfelta

Tabellen over viser ledige tomter der begge desse etappane er ferdig, utført i kommunal regi. Nokre stader er det behov for ny innsats i begge etappar. Andre stader er det sett av nok areal, men ikkje prioritert midlar og ressursar til utbygging. Etappe a) kan berre utførast av kommunen, medan etappe b) kan utførast av kommunen eller av private.

Ved ei målsetjing om kommunal utbygging i "alle bygder", vil det vere utfordrande å gjere investeringar i kommunal infrastruktur i område der utbyggingspresset er så lite at bustadområde ikkje blir utbygde innan rimeleg tid. Det er dermed utfordrande å imøtekome etterspurnaden etter ledige tomter utan å binde opp for mykje kapital.

Det vil vere ei politisk vurdering kvar kommunen skal satse mest på kommunal utbygging; i grisgrendte strøk, eller i vekstområda der dei kommunale investeringane i løpet av kort tid blir tekn

i bruk og betalt tilbake i form av tomtesal og refusjonar. Sentrumsnære tomter er ofte mest attraktive, og det er eit rett val i høve transport/ skuleveg/avstand til sentrumsfunksjonar.

Utanfor pressområda kan spreidd utbygging i LNF-område og mindre bustadfelt vurderast som eit godt alternativ til større bustadfelt. Plassering og utvikling av slike område, eventuelt utbygging av mindre bustadfelt bør gjerast i samråd med grunneigarar og lokale grende/utviklingslag.

Behov for nye bustadområde

På krinsnivå har Tønning/Stryn sentrum og Loen hatt god vekst i folketalet, og følgjeleg størst behov for ny busetjing.

I Stryn sørger privat utbygging for at tilbodet om sentrumsnære leilegheiter for tida er godt. Men det er relativt få ledige frittliggende tomter. Det er behov for plassering og klargjering av nye bustadtomter i området kring Stryn sentrum. Det vil vere ei utfordring å plassere nye, større bustadareal utan konflikt med fulldyrka areal.

Det er eit stigande tal eldre som ønskjer å flytte til lettdrivne leilegheiter i sentrum. Tilrettelegging for slik busetnad bør vurderast, gjerne i samråd med omsorgsetaten.

I Stryn blir det også etterlyst rimelege gjennomgangs-bustader/leilegheiter for personar som ikkje ønskjer å investere i fast bustad i tidleg fase. Eit tilbod om utleige av rimelege gjennomgangsbustader synest av økonomiske omsyn å bli prioritert ned av private utbyggjarar i høve ordinært sal. Utvikling av ønska tilbod kan krevje kommunal deltaking.

I området Loen – Rake er det ferdig regulert areal til rundt 80 bu-einingar, så det er i komande revisjon ikkje behov for å finne nytt bustadareal i arealdelen. Men naudsynt infrastruktur som veg, vatn og avløp er ikkje på plass, mellom anna gang/sykkelveg mellom Loen og Rake som er ein føresetnad for klargjering og sal av nye tomter. Det er behov for å setje i gang tiltak for klargjering av nye bustadtomter i området.

Olden og Fjelli har bra dekning med ledige einebustadtomter.

Utvik, Innvik og Blakset har nokre ledige tomter, men dette er til dels "resttomter" med redusert attraktivitet. Tilgang på nytt og attraktive bustadareal kan vere viktig for ny busetjing.

Det har tidlegare kome innspel på nye bustadfelt på Fosnes, Hjelledalen, Storesunde, Utvik, Oldedalen og Randabygda/Hopland.

Sentrumsutforming

Ei god sentrumsutforming er viktig av mange grunnar, det skapar mellom anna bulyst og trivsel. Faktorane kan vere store og små, frå kostbare veganlegg og parkar til rimelege, små møtestader der folk møter folk. Eit minimum av grøne område må sikrast i tettstadene.

Trygt og effektivt samband for mjuke trafikantar er eit viktig element i sentrum. Når det gjeld behov for gang/sykkelvegar blir det vist til kapittelet om samferdsel og infrastruktur.

Sentrumsutforming gjeld også korleis ein forvaltar det tilgjengelege arealet, både i omfang og etter formål. I Stryn sentrum bør det gjerast ei vurdering av kva funksjonar som må ligge sentrumsnært, og kva funksjonar som like gjerne kan ligge noko vekk frå sentrumskjernen. Dette gjeld ikkje minst behovet for næringsareal. Industri med store arealbehov er vanskeleg å plassere i Stryn sentrum, det er difor viktig å klargjere alternativt areal - til dømes ved utviding av Stryn Miljø- og Næringspark.

Handels-sentrum bør vere så tett og kompakt som mogleg, samstundes som det er ønskjeleg å kunne tilby areal til større ny-estableringer. Avgrensinga for detaljhandel som er sett i gjeldande kommunedelplan for Stryn sentrum er stadig under press, og bør vurderast på nytt i arealdelen.

Andre utfordringar er å avklare arealbruk i skule- og idrettsområdet mellom kulturhuset i aust og Vikaelva. Dette må sjåast saman med ein avklaring av det endelige omfanget av idrettsområdet, mellom anna i høve avklaring om utstillingshallen.

Eit område i Stryn sentrum som får mykje merksemd, er aksjen Per Bolstad plass – Heradsheim – Petterneset - Bruagrenda. Mange meiner at dette bør opprustast, mellom anna ved å utnytte betre den kvaliteten Stryneelva utgjer, og vende seg mot den. Til dømes kan gangstiar langs elva utbyggast i større grad, gjerne i samarbeid mellom kommunen og private.

I Olden er eit større område på Oldenleirane nyleg utfylt og gjort tilgjengeleg som byggeareal i samsvar med godkjent arealplan. Største utfordringa for tettstaden framover, er utvikling av Olden som cruisedestinasjon. Skipa auka både i tal og storleik, og utfordringar knyt seg både til behovet for auka kai-kapasitet og tilhøyrande infrastruktur på land. I planarbeidet må ein også legge vekt på toleevna for Olden sentrum og kva tilbod masseturisme krev, ikkje minst i høve tryggleik for mjuke trafikantar.

For Innvik sentrum er størst utfordringar knytt til kryssløysingar mellom fylkesveg 60 og Vagstadbygget, samt behov for utvikling av ny småbåthamn i sentrum. Dagens kryss er trafikkfarleg både for harde og mjuke trafikantar.

7.2. MÅL

- Imøtekome etterspurnaden etter tomter
- Skape attraktive og trygge tettstader som fremjar bulyst og trivsel
- Sikre balanse mellom utbygging og miljøomsyn. Ta vare på viktige kvalitetar som ligg naturleg til dei ulike tettstadane
- Stryn sentrum skal vere eitt av dei leiande handels- og servicesentra i fylket tufta på eit godt handelsmiljø, -tilbod og fysisk tilrettelegging
- Bevare eit kompakt og fortetta handlesentrum
- Vidareutvikle Olden sentrum som ein av dei beste cruisedestinasjonane i landet

7.3. STRATEGI

- Setje av nye areal til bustadområde kring Stryn sentrum gjennom arbeidet med kommunedelplan for Langeset – Stryn – Storesunde
- Opne for samarbeid kommune / næringsliv om bygging av rimelege gjennomgangsbustader
- Forsøke å forenkle rammevilkåra for bustadbygging utanfor sentrumsområda. Positivitet til privat tilrettelegging for bustadbygging. Samarbeide med grendelag og utviklingslag om plassering og marknadsføring av område for spreidd busetnad/mindre bustadfelt
- Legge til rette for høgare utnyttingsgrad på arealet i sentrum. Strengare vurdering av parkeringsareal i eitt plan i høve til parkeringskjellar/parkering i fleire plan
- Initiere prosjekt for tettstadutvikling basert på fylkeskommunal deltaking
- Setje i gang naudsynt planarbeid knytt til vidareutvikling av Olden som cruisedestinasjon

8. SAMFERDSEL OG INFRASTRUKTUR

8.1. STATUS OG UTFORDRINGAR

Nasjonal transportplan (NTP) og regional transportplan (RTP)

Midlar til riksvegar blir løyvd av staten gjennom nasjonal transportplan.

Midlar til fylkesvegnettet blir løyvd av fylkeskommunen gjennom regional transportplan.

Kommunen sine viktigaste talerør for påverknad av desse dokumenta er:

- Innspel til NTP og RTP
- Politisk påtrykk og marknadsføring

Det er svært viktig at kommunen er tydeleg i sine innspel til transportplanane og i eigne prioriteringar. Kommunen sine prioriteringar for tiltak og skredsikring på fylkesvegnettet vart sist spelt inn til regional transportplan i mars 2013.

Riks- og fylkesvegar

Det har skjedd positive endringar for riks- og fylkesvegnettet i Indre Nordfjord dei siste åra:

- E 39 Kvivsvegen er opna, og med det ein ny arbeids-, bu- og serviceregion for Stryn.
- Rv 15 Stryn – Rise bru er ferdig opprusta, veg og gang/sykkelveg.
- Nye parsellar mellom Lasen og Ugle på fv.60 Olden – Innvik er opprusta, inkludert Holentunnelen og Agjeldtunnelen
- Tre parsellar på fv 724 Oldedalsvegen er opprusta, inkludert gjennom Olden sentrum

Innan kort tid vil det falle avgjerd på viktige vegspørsmål som har stor betydning for Stryn kommune, og vil påverke det vidare planarbeidet i kommunen:

- Konseptvalutgreiing for framtidig løysing for rv 15 over Strynefjellet
- Konseptvalutgreiing for val av trase for E39 mellom Byrkjelo og Kjøs

Behovet for opprusting og skredsikring på fylkesvegnettet er nærmest umetteleg, dei høgst prioriterte tiltaka i Stryn kommune er:

- Opprusting av dei siste parsellar på fv. 60 Olden – Innvik; Ugle – Skarstein og Innvik sentrum - Hildastranda
- Skredsikring av fylkesvegane 722 Flovegen, 723 Lodalsvegen og 724 Oldedalsvegen
- Utbetring av fv. 60 mellom Utvik og Byrkjelo ved hjelp av tunnel under Utvikfjellet

Gang- og sykkelvegar langs riks- og fylkesveg

Stryn kommune har eit mangelfullt nett av gang- og sykkelvegar. Tal syklande er aukande, samstundes som biltrafikken er aukande. Utifrå tryggleik, folkehelseperspektiv, transportøkonomi og miljøomsyn er det eit stort behov for nye gang- og sykkelvegar. Kommunestyret prioriterte i 2013 følgjande parsellar høgst:

Langs riksveg 15:

- Frå vegkryss Svarstad til vegkryss Vinsrygg
- Rise bru – Gjørven
- Storesunde – Lunde bru

Langs fylkesveg 60:

- Innvik sentrum – Hildastranda
- Loen - Solvik
- Frå Utvik sentrum og forbi fylkesvegbruene

Utanom innspeil til NTP er **planarbeid** det viktigaste kommunen kan utføre for å bidra til vidare utbygging av gang/sykkelvegnettet. Parsellar som ikkje ligg i godkjende kommunedelplanar, har små sjansar for å bli prioriterte i NTP. Det same gjeld for fylkesvegnettet og innspeil til RTP.

Andre viktige utfordringar på vegnettet

- Stryn som trafikalt knutepunkt
Stryn har lenge vore eit knutepunkt for storbil og kollektivtrafikk. Kvivsvegen og eventuell E39 etter indre line vil styrke dette, og auke behovet for å sikre sentrale og gode areal for kollektivtrafikk i sentrum, samt parkerings/oppstillingsareal for storbil nær Stryn sentrum. Det er ønskjeleg at oppstillingsareal for tungbil kan knytast til tilbod som sanitærrom, matservering, butikk, verkstad.
- Trafikken gjennom Stryn sentrum
Riksveg 15 gjennom Stryn sentrum er utforma som eit MPG-prosjekt (miljøprioriteret gjennomkøyring). Målet med MPG er å prioritere bufunksjon og lokalmiljø framfor trafikkavvikling slik at hovudvegen framleis kan gå gjennom sentrum. Tungtrafikken gjennom sentrum er aukande, og gjeldande arealdel viser ei avlastningsgate mellom rundkøyringa i vest og Bø i austre del av sentrum. Det er ulike meininger om kva trafikkmengde miljøgata toler før deler av trafikken må føраст heilt utanom sentrum eller på avlastningsgate. Kommuneplanarbeidet må avklare kva som er kommunen si framtidige løysing for trafikken gjennom sentrum på kort og lengre sikt.
- Kapasitet tilkomstveg hytteområde Bøanedsetra – Tverrfjellet
Kommunedelplanen for Bøasetra – Ullsheim medfører eit stort potensiale for utbygging av hytter. Mykje av tilkomsten skjer i dag på Setrevegen, via bustadfelta Tonningbakkane, Stegane og Hogane. Vidare utbygging av hyttefelta vil krevje vurdering av kapasiteten til Setrevegen, og eventuell planlegging og opparbeiding av ein alternativ veg til hytteområdet.
- Trafikktryggleik langs Setrevegen
Ny busetnad i Stryn, og ikkje minst nye hyttefelt nord for Stryn aukar trafikken på kommunen sin største samleveg, Setrevegen. Vegen er dimensjonert som ein samleveg, men har ikkje fysiske skilje mellom harde og mjuke trafikantar. Mange uregulerte kryss med stor trafikk. Tiltak for auka tryggleik må vurderast.

Sjøtransport

Nordfjorden er ei viktig ferdslåre i kommunen, til dømes innan cruiseturisme, fiske, tømmertransport og annan godstransport. Særleg cruiseturismen set store krav til manøvreringsareal og seglingshøgde.

Vassforsyning

Stryn kommune har fire kommunale vassverk; Stryn, Storesunde, Loen og Hjelle skule vassverk. Det er installert naudstraumaggregat ved alle vassverk utanom Hjelle skule.

Stryn vassverk har hovudvassbehandlingsanlegg på Tonningsetra, og sekundære vassbehandlingsanlegg i Lida og på Bergsida. Stryn vassverk forsyner abonnentar frå Rise til Langeset, og frå Tonningsetra til Visnes. Vasskjelde er Holevatnet. Særleg sårbar er vassforsyninga til Visnesområdet på sørsida av Stryneelva og til Stryn miljø og næringspark. Begge desse områda er utan basseng, og blir forsynt via enkel leidning.

Storesunde vassverk har vassbehandlingsanlegg ved Sundeelva på Storesunde, og brukar grunnvassbrønn som vasskjelde. Storesunde vassverk forsyner abonnentar frå Mindresunde til Lunde bru.

Loen vassverk har vassbehandlingsanlegg på Tjuen, og brukar grunnvassbrønn ved elva Fosdøla som vasskjelde. Loen vassverk forsyner abonnentar i Loen og på Rake.

Hjelle skule vassverk er etablert i Oppstryn skule og har borebrønn ved Hjelledøla som vasskjelde. Hjelle skule vassverk forsyner skule og barnehage samt privat anlegg/leidning nord for skulen.

Over halvparten av innbyggjarane i Stryn kommune får drikkevatn frå private anlegg. Desse vassverka varierer mykje i storleik, frå enkelthus til anlegg med fleire hundre abonnentar som i Innvik og Olden. Fleire av vassverka har betydelege utfordringar både med vasskvalitet og leveringstryggleik.

Særlege utfordringar i vassverka er tilhøve som manglande reservervasskjelde/forsyningstryggleik, behov for høgdebasseng, lekkasje.

Avløp

Kommunen har kommunalt leidningsnett for spillvatn, og kombinert spillvatn og overvatn i størstedelen av Stryn sentrum, Brulandstranda, Utvik sentrum, Innvik sentrum, Hildastranda nord, delvis Olden sentrum, Muristranda, Rindane, Loen, Rake, Lindset, deler av Blakset, Svarstad, Hjelle, Storesunde/Tenden og Sagehaugen. I tillegg kjem overvass-handtering i alle deler av Stryn kommune.

Det er i størst muleg grad lagt vekt på bruk av privat slamavskiljar dimensjonert etter behov.

Det er etablert felles slamavskiljar i Brulandstranda, Innvik sentrum sør, Hildastranda nord, Muristranda og Rindane, samt Bøanedsetra og Hydla.

Stryn kommune har to kloakkreinseanlegg, i Loen med silanlegg og utslepp til sjø, og på Tenden med biologisk/kjemisk reinsing og utslepp til ferskvatn. Alle kommunale spillvassutslepp er djupvass-utslepp i sjø, bortsett frå Tenden reinseanlegg som har utslepp til Oppstrynsvatnet.

Stryn kommune har avtale om slamtøming, avvatna slam blir levert til Miljøkompost (behandling og etterbruk) i Eid kommune.

Særlege utfordringar for avløp:

- Behov for sanering av kombinerte anlegg (spillvatn, overvatn)
- Lekkasjar på private slamavskiljarar og leidningsanlegg

Avfall

Avfallshandteringsa skjer i regi av det interkommunale selskapet Nomil. Kommunen har ansvaret for oppfølging av ulovleg avfallshandtering/forsøpling. Dette er framleis eit problem i kommunen.

Breiband

I Sogn og Fjordane er det arbeidd målretta med offentlege spleiselag for bygging av første generasjons breiband sidan 2001. Første generasjon var definert som samband der brukaren kan "sjå levande bilete over nett". Nesten alle har tilgang til denne kapasiteten, som i dag knapt vert definert som breiband.

I 2011 hadde 95 % av næringslivet og hushalda i Oslo tilgang på andre generasjons breiband, medan talet for Sogn og Fjordane var 26 %. For høgare hastigheter er biletet likeeins.

Familiar som ønskjer å busetje seg i kommunen, krev tilgang til god infrastruktur. For eksisterande og nye bedrifter kan 2. generasjons breiband vere ein avgjerande faktor. God driftstryggleik og oppetid i digital infrastruktur er også ei viktig brikke i kommunen sin beredskap. Svikt i tele- og datanettet kan føre til store negative samfunnsmessige og økonomiske konsekvensar.

8.2. MÅL

- Utbetring av fylkesveg 60 Innnvik - Byrkjelo
- Skredsikring av fylkesvegane i samsvar med prioriteringar til RTP
- Utbygging av manglande gang- og sykkelvegar i samsvar med kommunestyret sine prioriteringar
- Samanhengande gang- og turvegnett for mjuke trafikantar i Stryn sentrum
- Trygg og effektiv sjøtransport må sikrast ved avsetjing av naudsynt sjøareal for sikker manøvrering og ankring, samt tilstrekkeleg landareal for hamneoperasjonar
- Økonomisk effektiv vassforsyning som er sikker og av god kvalitet til alle innbyggjarar
- Alle avløpsystem skal fungere tilfredsstillande, og verne miljøet mot uheldige utslepp
- Breiband skal vurderast på linje med annan naudsynt infrastruktur, og må oppgraderast og utbyggast vidare i takt med tid og behov. Alle innbyggjarar og verksemder i kommunen skal ha tilbod om min. 25 Mb/s for nedlasting innan 2023. For å oppnå denne målsettinga skal kommunen arbeide aktivt for å medverke til finansiering av utbygging av fiber i heile kommunen i samarbeid med aktuelle aktørar og søkje på aktuelle støtteordningar

8.3. STRATEGI

- Utføre planarbeid i arealdelen som byggjer opp om politiske prioriteringar for tiltak på riks- og fylkesvegnettet inkludert skredsikring og gang/sykkelvegar
- Arealdelen skal avklare viktige spørsmål som
 - Stryn er eit trafikalt knutepunkt for storbil og buss
 - framtidig vegsystem for tilkomst til hytteområda nord for Stryn sentrum
- Prioritere finansiering og realisering av gang- og sykkelveg frå Loen til Solvik
- Utgreie behovet for framtidige løysingar for trafikken gjennom Stryn sentrum, og kvalitetssikre at arealdelen tek høgde for desse
- Følgje opp kommunedelplan for kystsona og integrere denne med arealplanar på land
- Prioritere sikring av vasskjelder og god vasskvalitet
- Utgreie utbygging og vedlikehald av vassforsyning og avløpsnett i sine respektive kommunedelplanar
- Bidra til regional og lokal samordning ved utbygging av breibandnett, stille krav om tilrettelegging av breiband ved ny utbygging. Vurdere økonomisk deltaking i utbyggingsprosjekt som ikkje har kommersielt grunnlag
- Kartlegge kritiske brukarar i høve breiband og framføringsvegar i beredskaps-samanhang i samband med heilskapleg ROS-analyse




Tungtransport over Strynefjellet

9. NÆRINGSUTVIKLING OG VERDISKAPING

9.1. STATUS OG UTFORDRINGAR

Næringsprofilen i Stryn kommune


Illustrasjonen under viser utviklinga innafor dei ulike bransjane



Sysselsetting i Stryn kommune fordelt på bransjar. Nokre kommentarar:

- Sysselsettinga i jordbruket har over tid hatt store endringar. Talet på bønder som har fulltidsengasjement i jordbruket er sterkt redusert.
- Industrien har mista den sterke veksten frå 70-, 80- og første del av 90-talet.
- Over tid er det ein nedgang for overnatting og servering; 230 arbeidsplassar i 2010 frå 320 i 2000. Sysselsettinga har teke seg noko opp att med 274 arbeidsplassar i 2011.
- Offentleg forvaltning og tenesteyting utgjer 932 arbeidsplassar i 2011. Desse fordeler seg med 100 innan offentleg administrasjon, 269 innan undervisning og 563 innan helse- og sosialtenester. Relativt mange personar sysselsette i offentlege sektor pendlar ut av kommunen, 66 personar i 2011. Innan helse- og sosialtenester pendla 45 personar ut av kommunen. Stryn er den kommunen i fylket med lågast sysselsetting i offentleg sektor.
- Personleg tenesteyting har ein liten andel i Stryn, men har jamn vekst i perioden frå 2000. 77 arbeidsplassar i 2009 og 80 i 2010, for å auke til 104 i 2011.

Ser vi på sysselsettinga i ulike næringar i Stryn kommune i høve til Sogn og Fjordane fylke og heile landet, viser tala at vi framleis er ein sterk landbruks- og industrikkommune. Innan privat tenesteyting og offentleg tenesteyting har vi lågare sysselsetting enn både lands- og fylkessnittet. Sjå figur på neste side.



Bransjefordeling i Stryn kommune samanlikna med fylket og landet

Pendling

Ei netto utpendling på 187 personar i 1990, endra seg via netto innpendling på 102 personar i 2005 til pendlarbalanse i 2009. I 2011 hadde kommunen ei netto innpendling på 38 personar. Størst pendling skjer mellom Stryn og kommunane Eid, Hornindal og Gloppen. Opning av Kvivsvegen vil nok vise igjen på pendlestatistikken i åra framover.

Rekruttering

Rekruttering av arbeidskraft blir ei utfordring i åra framover. Det er stort behov for arbeidskraft i deler av både privat og offentleg sektor. Næringslivet har særleg behov for fagarbeidrarar, driftsoperatørar, mekanikarar, sjåførarar, bygningsarbeidrarar, mekanikarar/sveisarar. Det er også trond for arbeidskraft med høgare utdanning. På dette området er det særleg behov for nøkkelstillingar og leiarstillingar. Ei anna utfordring er å skaffe relevant arbeid til sambuar eller ektefelle som får seg arbeid i Stryn.

Det blir lagt ned ein stor arbeidsinnsats for å få utflytta ungdomar til å vende heim, mellom anna gjennom rekrutteringsportalen Framtidsfylket. Dette arbeidet er viktig, men vender seg mot ei for lita gruppe i høve til behova for arbeidskraft i det lokale næringslivet.

Stryn kommune har størst andel arbeidsinnvandrarar i fylket. Dette er ein viktig del av rekrutteringsgrunnlaget, og tiltak retta mot denne gruppa er aktuelt innan norskopplæring, integrering og andre bidrag til trivsel og bulyst.


Det bør gjennomførast eit større prosjekt som set fokus på rekruttering av alle typar arbeidskraft og kva aktuelle samarbeidstiltak som er aktuelle. Dette bør vere eit samarbeidsprosjekt mellom fleire, kommunen, næringsorganisasjon og NAV vil stå sentralt.

Næringsapparat og strategi

Sjølv om Stryn gjer det godt i høve nyetableringar, er det heilt sikkert rom for betringar.

Næringsorganisasjonen Stryn Næringsamskipnad peikar på viktigheita av engasjement frå kommunen si side, og særleg i høve oppfølging av gründerar.

For bruken av dei verkemidla kommunen rår over, er det viktig å gjere "dei rette tinga". For bruk av kommunalt næringsfond er det utarbeidd retningsliner, men desse er ikkje særleg presise i prioriteringar og satsingsområde. Det same gjeld til dels bruk av andre fond. Utarbeidning av ein tydelegare næringsstrategi kan synast som god oppfølging av næringsanalysa som vart utarbeidd i 2012.



Det er ein positiv etableringsiver i Stryn kommune, med flest etableringar i Nordfjord sidan 2010.

Reiselivskommunen

Reiseliv er ei viktig næring for Stryn kommune, som er største reiselivskommunen på vestlandet etter Bergen. Naturen er vårt viktigaste salsargument:

- Fjord og bre har vore fylket sitt varemerke sidan turismen sin spede start
- "National Geographic Traveler" er eit av dei mest anerkjende reiselivsmagasina i verda, og har kåra fjordane i Norge til det beste uberørte reisemålet i verda.

Ei generell utfordring for bransjen er tilstrekkeleg netto inntening. Ein trend for fylket er at nokre store verksemder – som Hotel Alexandra – greier seg godt, medan mange mindre reiselivsverksemder slit med innteninga. Vi har stor ledig kapasitet utanom hovudsesongen mai – september. Målsetjinga bør vere auka inntening pr gjestedøgn og større inntening utanom høgsesong. Nordfjord gjer det likevel bra samanlikna med Sunnfjord og Sogn, med høgast inntening pr. overnatting.

Hyttekommunen

Stryn har flest fritidsbustader blant kommunane i fylket. Det har blitt bygt mange nye hytter og fritidsbustader i kommunen. Frå 2005 har talet hytter auka frå 887 til 1075. Årsaka til dette er at det har blitt lagt til rette for utvikling og utbygging av fleire nye og til dels store hyttefelt. Nye hyttefelt er etablert på Bøanedsetra, Hydla, Svarstad, Roset og Tenden.

Tal fritidsbustader har mykje å seie for aktiviteten i Stryn sentrum i helgar og feriar, og medfører ein overrisslingseffekt for handels- og servicenæringane, ikkje minst for ski-anlegga. Den auka aktiviteten kan vere avgjerande for marginale verksemder, og bidra til at eit betre servicetilbod kan oppretthaldast heile året. Dette gir igjen eit betre samla tilbod både for fastbuande og for reiselivsbransjen.

Næringsareal

Tilgang på areal for etablering eller utviding av privat næringsverksemd er avgjerande for utvikling av næringslivet i heile kommunen. I høve til etterspurnaden er det for liten tilgang til sentrumsnært næringsareal, særleg ved Stryn sentrum. Men tilgang på næringsareal er også viktig i dei andre bygdene.

Arealdelen bør peike ut nye areal som kan avsetjast til ny utbygging av næringsareal.

Næringsareal på fylling i sjøen er framleis aktuelt i Innvik og Utvik. Ved dei store elveosane i Olden, Loen og Stryn er utfyllinga som samfunnet kan akseptere på det nærmeste fullført.

Næringsareal bør ligge rimeleg sentralt i høve til hovudvegnettet.

Tabellen til høgre gir ein enkel oversikt over regulert industri- og næringsareal i kommunen, som ikkje er disponert i starten av 2013.

I samband med plassering av nytt næringsareal vil det oppstå interessekonfliktar. Overordna retningslinjer om vern av dyrka jord og landbruksnæringa sitt arealbehov, må då vegast mot behov for areal til andre næringar. Landbruket bør ha status som næring på line med anna næringsliv i denne avveginga.

Stad	Namn	Avsett i arealplan	Sum
Vikane	Utvik Sentrum	2,0	25,0
	Morskogen, Innvik	20,0	
	Innvik sentrum sør	3,0	
Olden	Oldenleirane	21,0	21,0
Loen	Nordfjord Kjøtt	38,0	46,0
	Område N209	8,0	
Langeset	SMNP, område K2	14,0	84,0
	SMNP, område L	15,0	
	SMNP, Skarsmyra	27,0	
	Langeset vest	28,0	
Stryn	Vikaleirane	12,0	33,0
	Rise	16,0	
	Øvreeide	5,0	
SUM			209

Landbruket

Trass i at tal aktive bruk framleis er minkande, er Stryn ei av dei største landbrukskommunane i fylket. Det blir færre og større husdyrprodusentar, men ein klarer ikkje å halde oppe det samla volumet på dei ulike produkta. Samstundes har kommunen ein fin auke i hageproduksjonar, særleg bringebær og plome.

Ein konsekvens av at færre aktørar driv jorda, er at mykje av arealet er leigejord. Det kan føre til kortsiktige vurderingar med tanke på korleis jorda vert halden i hevd, og dermed därlegare produksjonsevne. Stor del av leigejord er også ei problemstilling for dei som ynskjer å gjennomføre større utbygging og investering på garden sin.

Lovverket opnar for at ein kan dele frå tun, og at jordbruksarealet kan bli tilleggsjord til dømes til naboeigedomen. Fallrettane og jaktrettane bør då følgje jorda. Ei utfordring med frådeling av areal inntil og inne i aktive jordbruksområde er at det kan føre til konfliktar mellom partane, til dømes ved spreiling av møk.

Det er både store samdrifter og mindre deltidsbruk i kommunen. Vi treng heile spekteret, m.a. for å kunne halde kulturlandskapet i hevd, og framstå som ei bygd med levande landbruk. Få har gardsdrifta som einaste leveveg.

I kommunen er det – trass i bupliktregelverket - framleis mange gardsbruk som står tome. Omsetnad av landbrukseigedomar utanfor odelskretsen er bort i mot fråverande, mange ønskjer - og har økonomi til - å behalde garden som fritidseigedom framfor å selje den t.d. til dei som har yrket sitt i landbruket.

Landbruket er viktig i høve arbeidsplassar og busetnad, men har ei viktig rolle også elles i samfunnet. Dei er hovudleverandørar til store bedrifter som til dømes slakteri og meieri, er store kjøparar av varer og tenester samt held kulturlandskapet i hevd – noko som er avgjeraande for reiselivet i Stryn.

Stryn har gjennom mange år vore ein leiande kommune innan skogbruksaktivitet både med omsyn til hogst og vegbygging. Avverkinga i skogen har vore minkande dei siste åra, både målt i kvantum og i verdi på omsett tømmer. Låge prisar er ei årsak til det, i tillegg til at mange vel å ta seg betalt arbeid utanfor bruket i staden for å bruke ledig tid til skogsarbeid. Omfang av nyplanting og skogkultur elles er kraftig redusert.

Prisen på tømmeret er ei utfordring. Prisen er så låg at avvirkning ikkje er i samsvar med tilveksten. Dårleg økonomi i skogbruket generelt gjer at heller ikkje dei vegane det er behov for blir bygde. I tillegg har ikkje det kommunale vegnettet den standarden som er påkrevd for store tømmerbilar. Ein samla plan over behov for nye vegar med prioritering av dei viktigaste er under utarbeiding.

Økonomien fører også til at nyplanting ikkje vert utført i noko særleg grad. Kommunen har merka seg ei meir negativ haldning til gran som treslag i natur- og kulturlandskapet, noko som forsterkar den negative utviklinga.

Naturressursar – med tanke på verdiskaping

Naturressursane i kommunen er mange:

- Kommunen har eit stort energipotensiale i trevirke, varmeenergi frå sjøvatn og grunnvatn og småkraftutbygging av vasskraft
- Store kvalitetar (landskap, fiske, jakt m.m.) som trekkplaster i reiselivssamanhang
- Store lausmasseførekommstar av ulik kvalitet og for ulike bruksområde

Dei tre største nedbørfelta i kommunen - Strynevassdraget, Loenvassdraget og Oldenvassdraget er alle varig verna mot kraftutbygging. For forvaltninga av desse vassdraga er det utarbeidd eigne tematiske kommunedelplanar. Innafor rammene av dagens lovverk skal det likevel vere høve til småskala kraftutbygging i verna vassdrag.

Det er ønskjeleg med småkraftutbygging i elvar utanom verna vassdrag, og i verna vassdrag der konfliktgraden i høve verneinteresser er avgrensa. Døme på utbyggingar som skånsomt utført bør vere moglege med avgrensa arealkonflikter er vist i tabellen under:

Ikkje verna vassdrag	Verna sidevassdrag
Sagelva (Tisthamar)	Videdøla v/Stryn Sommarskisenter
Storøyelva (Tisthamar)	Sunndøla – nedre del (kombinert rassikring)
Sandåna (mellom Utvik og Tisthamar)	Erdøla
Trollefosselva (Utvik)	Rjupedalselva (Meland)
Storelva – øvre del (Utvik)	Fureelva (Veslebygda)
Agjeldselva	Sundselva (Storesunde)
Vanbergselva	Øvreeidselva (Garlid)
	Sjørdøla (Kyrkjeeide/Ytreeide)

Det er også ønskje om større kraftutbyggingsprosjekt i Jostedalsbreen nasjonalpark, noko som synest vanskeleg etter gjeldande regelverk og politikk.

Utfordringar:

- Vassdragsvernet gjer det vanskeleg å få godkjenning på gode vasskraftprosjekt
- Sentralvarme basert på trevirke har vanskar med å konkurrere med straumfyrte varme
- Nasjonalparkvernet kan legge avgjerande avgrensingar for reiselivsverksemder som opererer i randsona til nasjonalparken. Til dømes er det risiko for at nedsmeltinga av breen fører til at ein av "motorane" i reiselivet i Nordfjord – Briksdalen – blir mindre attraktiv. Som eit av fleire mottiltak ønskjer lokalt næringsliv å etablere gondolbane inn i randsona mot nasjonalparken. Dette synest også svært vanskeleg etter gjeldande regelverk og politikk

Massedeponi

Gjennom mange år har det vore ei stor utfordring å verte kvitt blanda lausmasser frå ulike typer bygge- og anleggsaktivitet (trørøter, leire- og matjord utan brukskvalitet, stein). Også nyttbare lausmasser har vore ei utfordring fordi ein ikkje har hatt bruksmåtar i nærleiken av der massene har oppstått, slik at det har vore trøng for mellomlagring. Dette har ført til at dumping av brukbar overskotsmasse.

9.2. MÅL

- Innfri etterspurnaden etter næringsareal for nye og eksisterande verksemder
- Skape grunnlag for god rekruttering til private og offentlege arbeidsplassar
- Eit aktivt næringsapparat med tydeleg strategi
- Betra inntening i reiselivsnæringa, særleg på vinterstid/i lågsesong
- Auke produksjonen innanfor landbruket med minst 1 % per år
- Matjord som blir nedbygd bør så langt råd erstattast
- Tilgjengelege massedeponi for mottak av både brukbare og ubrukelege overskotsmasser
- Utbygging av småkraftprosjekt der miljøkonflikta er avgrensa - også i verna vassdrag
- Betre rammevilkår for næringsutvikling i randsona til nasjonalparken

9.3. STRATEGI

- Revisjon av arealdelen med sikte på plassering av nye næringsareal, primært i området kring Stryn sentrum og i nærleik til hovudvegsystemet. Minst mogleg konflikt med viktige jordbruksareal, friluftsområde, kulturlandskap og verna vassdrag. Industri med store arealbehov bør primært lokaliserast utanfor Stryn sentrum
- Følgje opp næringsanalysa frå 2012 med ein tydeleg næringsstrategi. God oppfølging av gründerar. Kommunen sitt næringsapparat skal vere meir offensive i høve landbruket ved utadretta verksemd, særleg i høve rekruttering, investering og tilleggsnæringar på garden
- Støtte opp om utvikling av reiselivsnæringa, særleg tiltak for betre inntening, utvida sesong og kommersiell utnytting av naturen i samsvar med reiselivsplanen for Sogn og Fjordane
- Kartlegging av kommunen sine naturressursar, både med tanke på framtidig næringsutvikling og med tanke på bevaring. Døme på slike naturressurser er produktive skogarealet, lausmasser (sand og grus), fornybare kraftressursar
- Overskotsmasser: Ved planlegging av veganlegg/tunnelar skal ein samstundes lage plan for bruk av overskotsmasser. Aktuelle føremål kan vere utbygging av næringsareal, hamneområde, skredsikring. Plassere område for deponi av ubrukbarer masser på ulike stader i kommunen, primært Vikane, Olden, Loen, Stryn og Oppstryn
- Kommunen er positiv til søknadar for nydyrkning. Dette bør vere areal som er relativt produktive, og som er egna til moderne hausting

10. KLIMA OG ENERGI

10.1. STATUS OG UTFORDRINGAR

Klimaendringar

Nesten alle utviklingstrekk i lokalsamfunnet går i retning meir miljøvennlege løysingar, men endringane går veldig sakte, og ikkje raskt nok i høve nasjonale mål for menneskeskapte klimaendringar.

Klimaendringar vil føre til havnivåstigning. Berekna endring i havnivå og hyppigare stormflo kan truge byggeområde langs fjorden. Verknadane av dette har alt oppstått i Stryn sentrum, der fleire industribygg ligg under høgaste vassnivå ved stormflo. Mest konkret framstår dette på Vikaleirane, der det allereie er behov for flaumsikring av næringsarealet.

Nye spreiemetodar og endra spreiemønster er teke i bruk for å redusere metanutslepp frå landbruket, men faste rutiner for dette er ikkje kome på plass.

Energibruk

Fleire kommunale bygg og større private bygg er i dag oppvarma med bioenergi eller fjordvarme – som har erstatta olje, elektrisitet og gass som varmekjelde. Svært mange hushaldningar har teke i bruk varmepumpe for å redusere bruken av elektrisitet til oppvarming, og mange har skifta vedomnen til meir reintbrennande utgåve.

Stryn Sommarskisenter er drifta med fossile brensler som energikjelde. Ved sidan av at dette er ei därleg løysing for klimaet, kan det også føre til ureining av det alpine miljøet.

Energiproduksjon

Kommunen har eit ikkje ubetydeleg potensiale i utbygging av småkraft som ikkje kjem i konflikt med andre miljømål, og likeins eit veldig stort potensiale av energi til oppvarming i mange store grunnvassførekommunar. Lokalt ønske om auka vasskraftutbygging står ofte i motstrid til andre miljømål.

Transport

Det totale klimagassutsleppet frå kommunen på om lag 50 000 tonn CO²-ekvivalentar er på veg ned. Skal ein få ned klimagassutsleppa frå transportsektoren er det mest realistisk å ta denne reduksjonen gjennom mindre bruk av privatbil.

Saman med det lokale busselskapet har kommunen tidlegare prøvd å få fylkeskommunen med på ei effektiv og miljøvennleg trafikkloysing. Dette omfatta etablering av arbeidsruter med buss mellom Oppstryn og Stryn og mellom Stryn og Loen. Fylkeskommunen fann ikkje å kunne prioritere økonomisk støtte til denne ruta.

Kommunenes Sentralforbund har peika på kva kommunane kan bidra med i klimakutt-politikken. For vår kommune dreiar det seg om fire tiltak som vil få ned energibruken i transportsektoren:

- Kommunal satsing på betre kollektivtilbod
- Parkeringsavgift i sentrumsområde
- Samordna tiltak for økt sykling og gange
- Etablere ladepunkt for El-bilar



Stryn fjernvarme

10.2. MÅL

- God ressurskartlegging, samfunnsplanlegging og beredskap skal redusere skadeomfang av hendingar som trugar menneske og materielle verdiar
- Redusere Stryn kommune sitt bidrag til menneskeskapte klimaendringar

10.3. STRATEGI

- Flaumsonekartlegging. Det må setjast krav til ny utbygging slik at denne er sikra mot framtidig flaumskade. Kommunen gjer ikkje vedtak om at nybygg i strandsona vert plassert under forventa vassnivå etter berekna havnivåstigning
- Betre metodar for husdyrgjødselspreiing som gjev mindre tap av næringsstoff. Kommunen er restriktive i høve utsetjing av fristen
- Alle større bygg, som vert planlagt i nærleiken av fjernvarmeleidning, må ha vassboren varme samt kople seg til fjernvarmenettet. Plikta til tilknyting baserast på at fjernvarmeenergien er konkurransedyktig med andre energikjelder
- Vurdere elektrisitetsforsyning til cruiseskip i Olden som alternativ til dagens bruk av diesellaggregat. Energibehovet er svært stort og vil krevje ei styrking av el-nettet lokalt
- Stryn Sommarskisenter bør få el-forsyning fram til anleggsområdet, enten via nett eller ved lokal vasskraftproduksjon i eit småkraftverk
- Kommunen skal ha som målsetting å revidere kommunedelplanen for «Differensiert forvaltning av verna vassdrag» med målsetting om å gjere det lettare å legge til rette for lønsam kraftutbygging i verna vassdrag, samstundes som verneinteressene vert ivaretakne
- Arbeide for meir kollektiv persontransport i kommunen gjennom arbeidsbussruter og tettare lokalbussnett skal redusere utslepp av klimagassar. Prøve å få til samarbeid mellom kommunen og fylkeskommunen for å etablere arbeidsruter til dei største arbeidsplassane i kommunen
- Etablering av ladepunkt for EL-bilar
- Meir bruk av båt som transportmetode på gods
- Revisjon av kommunedelplan for energi og miljø
- Offensiv for utbygging av gang- og sykkelvegar

